Bergensposten.

NR.2 august 2006 9. ÅRGANG

STATSARKIVET I BERGEN

Bergensposten er en publikasjon som har vært utgitt av Statsarkivet i Bergen siden 1998. Dette er det 13. i rekken.

Ansvarlig redaktør: Yngve Nedrebø
Ansvarlig for layout og utforming: Tom Myrvold
Trykk: Statsarkivet i Bergen
Opplag: ca. 1000

ISSN 1501-4436

Omslagsbilde:
Lillian Koehler

Bergensposten.

Innhold

Frå redaktøren 2

Jørn Øyrehagen Sunde: Fiskerettar i saltvatn 4

Professor dr.med. Torstein Bertelsen: Om spedalskhet i Finnmark 37

Yngve Nedrebø:
Patrioter & fattigfolk. Fattigvæsenet i København ca. 1500-1850 41

Marianne Herfindal Johannessen:
Leiermålssaker i Bergens stift 1660-1669 44

Lepraregisteret 150 år 53

Nybygg i Årstadveien 22 55

Bergensposten 2/2006

Bergensposten 2/2006 kommer litt på etterskudd i forhold til de opprinnelige planene, som sa at nummeret skulle vært produsert før sommerferien. Vi beklager forsinkelsen og har - gledelig nok - fått flere etterlysninger.

Førsteamanuensis Jørn Øyrehagen Sunde ved Juridisk fakultet, Universitetet i Bergen har utredet spørsmålet om eksklusive rettigheter til fiske i sjø juridisk og rettshistorisk, og han presenterer hos oss en forkortet utgave av utredningen sin.

Det er i år 150 år siden Ove Guldberg Høegh (1814-1863), den første overlege for den spedalske sykdom i Norge, fikk etablert et eget Lepraregister, der hver enkelt pasient skulle følges fra diagnosen ble gitt og fram til deres død. Hensikten med registeret, som etter hvert rommet sykdomshistorikken til 8231 pasienter, var å skaffe et solid vitenskaplig materiale for å kunne forstå og gjennom det bekjempe sykdommen. Høeghs register var det første i sitt slag i verden, og den norske innsatsen i kampen mot lepra ble svært viktig. Det var som ledd i dette arbeidet Gerhard Henrik Armauer Hansen i 1873 oppdaget leprabasillen og med det kunne bevise at det var gjennom smitte sykdommen spredte seg, noe som i sin tur ledet fram til de norske lepralovene i 1877 og 1885. 150-årsjubileet ble mandag 11. september 2006 markert i bygningen som i 1861 ble tatt i bruk som Pleiestiftelsen nummer 1 for spedalske, og som i dag huser blant annet Norsk Medisinsk Fødselsregister. Lepraarkivene i Bergen kom i 2001 på UNESCO's liste "Memory of the world", og det er til jubileet gitt ut en bok om lepra og lepraregisteret. Boken blir presentert i dette nummeret.

Dette nummeret handler mest om fisk og sykdom, og professor Torstein I. Bertelsen kombinerere temaene ved å ta for seg overlege Gerhard Henrik Armauer Hansens behandling av spørsmålet om en mulig sammenheng mellom utbrudd av spedalskhet og spising av bedervet fisk. Armauer Hansens påvisning av leprabasillen var overbevisende, hans argumentasjon i spørsmålet om fisk og spedalskhet i Finnmark framstår som atskillig mer tvilsom!

København Stadsarkiv og København kommune gav i 2005 ut en bok «Patrioter & Fattigfolk. Fattigvæsenet i København ca. 1500-1850". Vi gir en omtale av boken.

Arkivar Marianne Herfindal Johannessen har i bispearkivet funnet fram et spennende materiale fra 1660-årene om uektefødte barn. Hun presenterer det bevarte materialet fra Hordaland i dette nummeret, og følger opp med tilsvarende materiale fra Sogn og Fjordane i neste nummer.

For Statsarkivet i Bergen går vi inn i spennende tider og vil i løpet av det neste halvannet året få revet Konserveringsbygget, få bygd nye underjordiske magasin, nytt bygg med konserveringsavdeling og arkivmottak, få flyttet lesesalen og få ombygd både det gamle kontorbygget og det eldste magasinbygget. Vi gir en kort presentasjon av prosjektet i dette nummeret.

Målsettingen er å få ut Bergensposten 3/2006 i november.

Bergen, august/september 2006

Yngve Nedrebø

Statsarkivet slik det ligger i dag. På side 55 forteller vi om nye planer

Fiskerettar i saltvatn

av Jørn Øyrehagen Sunde

Preliminær diskurs

Aktualiteten til og føremålet med eit arbeid om fiskerettar i saltvatn

Fiskerettar i saltvatn er eit rettsområde som i stor grad har vore regulert av sedvane, og bare mindre delar av materien har i særlege høve vorte handsama i lov, rettspraksis eller juridisk litteratur. Ved sida av denne sparsame, og over tid og i tema svært spreidde dokumentasjonen knytt til einskildsaker eller særlege geografiske område, er fiskeettar i saltvatn dokumentert i ulike typar mellomalderdiplom, jordebøker, og i topografisk og stadnamnslitteratur. Det er difor ikkje til å undra seg over at tematikken har valda både lovgjevar, domstolar og juridiske forskarar hovudbry dei gongene den har dukka opp.

For tematikken dukkar opp med jamne mellomrom. Dei siste tiåra har 5 lovutval handsama spørsmålet om fiskerettar i saltvatn fordi det hadde konsekvensar for tema dei skulle utreda.[1] Det siste av desse utvala utarbeidde eit utkastet til

Vi Oscar,
af Guds Naade Konge
til Norge og Sverige, de Gothers og Venders;

Gjøre vitterligt: At Os er bleven forelagt det nu forsamlede ordentlige Storthings Beslutning af 22de September dette Aar, saalydende:

§ 1.

Havressurslov. Men utvalet drøfta bare kort om eventuelle fiskerettar i saltvatn kan koma i vegen for å innføra statleg eigedomsrett til alt som lever og rører seg i havet, og baserer sine slutningar på eit lite og ikkje inngåande studert historisk materiale.[2] Spørsmålet vil truleg verta meir inngåande handsama av eit nytt utval som Fiskeridepartementet har set ned for greia ut om eksistensen av fiskerettar langs Finnmarkskysten, sidan slike rettar no for fyrste gong er gjort til eit tema i seg sjølv. Men fiskerettar i saltvatn er ikkje åleine eit norsk fenomen. I så ulike område som langs svenskekysten i Austersjøen, på vestkysten av USA og langs kysten av Australia har slike rettar funnest tidlegare. På Island har ei gruppe grunneigarar no saksøkt den islandske staten fordi den i realiteten fråtek dei deira fiskerettar gjennom det eksisterande kvotessystemet, og på Shetland arbeider The Udal Law Society for at grunneigar sin rett til fiske i saltvatn skal få status som rettsleg sedvane igjen.

I dette skriftstykket vert spørsmålet om fiskerettar i saltvatn sett inn i ein viss orden med utgangspunkt i eit breitt spekter av historiske og rettslege kjelder. Føremålet er å fylla eit hol i norsk rettshistorie, men òg gje eit bidrag til gjeldande rett sidan fiskerettar i saltvatn framleis eksisterer og vert nytta langs norskekysten. Vidare skal skriftstykket gje eit bidrag til heimeretten spesielt. Heimeretten er den retten som vart utvikla og praktisert i det norske bondesamfunnet, og som på mange område overlevde heilt til byrjinga av 1900-talet då den lærde retten praktisert i domstolane og forvaltninga heilt tok over. Bidrag til kunnskap om heimeretten vart etterlyst av Jørn Sandnes i "Historisk Tidsskrift" i 1999.[3]

Fiskerettar i saltvatn som strand-, heime- og havfiskerettar

Fiskerettar i saltvatn vert i denne artikkelen delt i 3 kategoriar: Strand-, heime- og havfiskerettar. Dette er ikkje termar ein finn i dei historiske kjeldene, men er konstruert for å ordna det ueinsarta og bare delvis kjente materialet tilstrekkeleg til at det let seg framstilla på ein oversiktleg måte. Samstundes vil det ikkje bli gjort nokon freistnad på å gje kategoriane eit klart og eintydig innhald, sidan dette ville vera å pressa materien inn i eit mønster der den mistar sitt særpreg som uskriven rett skapt gjennom praksis, og gje den eit logisk og stringent innhald den ikkje har hatt.

Strandfiskerettar er i det følgjande nytta om rettar til fiske i sjøen umiddelbart utanfor strandlinja. I utgangspunktet er dette rettar som ein ikkje treng båt for å nytta, og som i all hovudsak er individuelle rettar. Historisk sett kunne rettar ofte ikkje skiljast frå eller leggjast til eit gardsbruk utan at skatteverdien vart tilsvarande redusert eller auka. Det var dermed ofte ikkje nokon forskjell på ein strandfiskerett eller ein kvar annan innmarks- eller utmarksrett til eit gardsbruk.

Heimefiskerettar vert i det følgjande nytta om rettar som ligg i sjøen i nær-

leiken av land, og som enten er individuelle eller nytta av ein liten krins av personar i fellesskap. Dei kan finnast både i fjordar og i nære kystområde, men har det til felles at dei er knytt til grunner som fisken jamt søkjer og normalt ikkje dekker store sjøområde.[4] Når det er naturleg å nemna slike rettar som "heimefiskerettar", er det fordi denne termen markerer at dette var fiskerettar som var nært knytt til det geografiske området dei låg nær, men utan å stå i direkte samband med den landeigedomen dei låg utanfor. Historisk sett kunne heimefiskerettar vera ein del av tilleggsressursane til ein særleg gard, eller til gardane i eit mindre geografisk område. Slik sett hadde heimefiskerettane ei mindre nær tilknyting til eigedomstilhøve på land enn strandfiskerettane, og kan kanskje samanliknast med rettar i sameigd utmark.

Havfiskerettar er i det følgjande nytta om fiskerettar som historisk sett låg utanfor dei nære kyststrøk, og som vart nytta av fleire i fellesskap. Slike fellesskap kunne omfatta alt frå innbyggjarane i eit bygdelag til fleire kyrkjesokn.[5] Som med heimefiskerettane omfatta havfiskerettane sjøområde som fisken jamt søkte. Normalt vil det vera sjøområde over grunner, havrenner og liknande. Men til tider kunne heile område, typisk i Lofoten, vera oppdelt i sjøområde med tilhøyrande eksklusive fiskerettar.

Forskingsstatus for fiskerettar i saltvatn

Det er noko paradoksalt at det er fyrst etter 1857, då prinsippet om fritt fiske forvalta av staten vart innført med Lofotlova,[6] at fiskerettar i saltvatn vart handsama i ein rettsvitskapleg samanheng. Og den fyrste inngåande forskinga på området vart ikkje gjort for å avklara den internrettslege situasjonen når det gjaldt fiskerettar i saltvatn, men vart utløyst av den norske regjeringa sitt behov for gode argument i Fiskerigrensesaka mot Storbritannia i 1949-51.

Kjernen i Fiskerigrensesaka var spørsmåla om kvar og korleis Noreg etter folkeretten kunne dra sine grunnlinjer langs kysten. Noreg gjorde krav på å dra grunnlinjene 4 nautiske mil frå land, og motparten falt frå sitt krav om at grunnlinja skulle liggja på 3 mil. Men framleis var det eit spørsmål om frå kva punkt ein skulle rekna 4 nautiske mil frå land: Skjergarden eller fast land? Vidare ønskte Noreg nord for Træna å dra rette grunnlinjer på over 10 nautiske mil i staden for å la dei følgja kysten sine buktningar, som var hovudregelen etter folkeretten. For å få den internasjonale domstolen i Haag til leggja den norske synspunktet til grunn måtte Noreg argumentera for at mellom anna historiske tilhøve rettferdiggjorde ei slik grunnlinjedraging.[7] Det var i samband med dette at Fiskerigrensekommisjonen fatta interesse for fiskerettar i saltvatn for å bevisa eit særeige "Norwegian system".

Fiskerigrensekomiteen byrja alt tidleg å samla inn historisk materiale om fiske og fiskeriforvaltninga langs norskekys-

ten. Problemet var at materialet sitt omfang og karakter gjorde det turvande med profesjonell omarbeiding og tilrettelegging. Oppgåva vart gjeven til Knut Robberstad, professor ved Det juridiske fakultet i Oslo. Mellom 1949 og 1950 utarbeidde han eit 24 sider langt dokument bare kalla "Historisk oversyn" der han dokumenterte eksistensen av fiskerettar i saltvatn.[8] Ein annan rettshistorikar, Fredrik Brandt, hadde tidlegare observert slike rettar, og skreiv i "Tingsretten" frå 1867: "Paa mange Stæder, især i det inderste af Fjordene, ansees endog med Hjemmel af gammel Brug Grundejeren, tildels ogsaa Andre, eneberettigede til Fiskeri med alle Andres Udelukkelse."[9] Brandt vart dermed den fyrste rettsvitskapsmannen i Noreg som erkjente eksistensen av fiskerettar i saltvatn.[10] Vidare peika han på at desse rettane var heimla i alders tids bruk, og slik gjorde dei legitime, om enn litt motvillig. Herman Scheel kom seinare i "Forelæsninger over Norsk Tingsret" i 1901-1912 til å vidareføre observasjonen til Brandt, utan å sjølv leggja til noko vidare:

> *"Det her omtalte Forhold: frit Fiske til dels forbundet med Ret til en vis Benyttelse af Stranden mod Afgift, er den almindelige Regel for Saltvand. Men fra denne Regel gjælder i nogen Udstrækning Undtagelser, der hviler paa Sædvane eller Alders Tids Brug. Det er navnlig i det indre af Fjordene, at man har Exempler paa, at dermed saadan Hjemmel tilkommer Grundeieren en vis Eneret til Fiske, der isaafald vistnok ikke altid er begrænset til de Strækninger, hvor Grundeieren kan ansees eiendomsberettiget til Grunden under Vandet."*[11]

I mellomkrigstida registrerte både Arnold Ræstad i "Kongens strømme" frå 1912,[12] og Henry Nærstad i "Eiendomsretten til vannområder" frå 1938 at det fanst fiskerettar i saltvatn.[13] Men dei hadde begge eit statsrettsleg perspektiv der utøvinga av slike bruksrettar for Ræstad var ei stadfesting av generell norsk råderett over fiskeressursane i havet, medan dei for Nærstad var ein uting han gav minimal merksemd fordi dei verka innskrenkande på staten sin rett til å forvalta fiskeressursane.[14]

Fiskerigrensekomiteen av 1949 var i utgangspunktet ikkje interessert i fiskerettar i saltvatn *per se*, men som uttrykk for den norske staten sin råderett over fiskeressursane i havet. Robberstad sitt arbeid frå 1950 ber då òg preg av dette ved at det er norsk forvaltning av fiskeressursane opp gjennom rettshistoria som får mest merksemd. På den andre sida gjorde Robberstad likevel ein til den tid einestående innsats for å dokumentera at fiske i fjordar og langs kysten, og til dels langt ut på havet, ikkje rettshistorisk hadde vore fritt, men vore avgrensa av individuelle eller kollektive bruksrettar. Diverre vart arbeidet han gjorde for Fiskerikomiteen arkivert med resten av deira grunnlagsmaterialе,[15] og dei største vitskaplege og publiserte arbeidet om tema vart dermed knappe 2 sider som Robberstad skreiv om fiskerettar i saltvatn i artikkelen

"Tingsrettssoga" frå 1978.[16]

På 1980- og 1990-talet vart fiskerettar i saltvatn i både eit rettshistorisk og rettsdogmatisk perspektiv handsama ved fleire høve i offentlege utgreiingar.[17] På denne tida fann Peter Ørebech fram og nytta Robberstad sitt "Historisk oversyn" i fleire arbeid, og supplerte Robberstad sin empiri med eigne funn. Det mest poengterte av desse arbeida er artikkelen "Sedvanerett som grunnlag for berekraftig forvaltning av fiske i de "ytre allmenningane"" frå 1998. Eit poeng for Ørebech i dette arbeidet er at fiske er fritt, men at utøvinga av det samstundes har eit rettsvern. Difor hevdar han at fiske er ein allmenningsrett, i alle høve i Nord-Noreg, og ikkje ein allemannsrett.[18] Slik sett kan ein seia at det ligg det ein fiskeripolitisk agenda til grunn for artikkelen, til liks med arbeida til Ræstad og Nærstad. Synspunktet til Ørebech vart gjort gjeldande for Salten heradsrett i 1994,[19] men vann ikkje fram. Mykje av årsaka til det ligg nok i at Ørebech med å definera fiskerettar i saltvatn som allmenningsrett ønskjer med eitt sveip å knyta fiskeressursane til den landsdelen dei soknar til. Det er mogeleg å politisk argumentere for ei slik ordning,[20] men det finst ikkje historisk dokumentasjon for at den nokon gong har eksistert. Fiskerettar i saltvatn har ikkje omfatta større område enn at det har vore mogeleg å ha oversikt over utnyttinga av rettane i ei tid langt fattigare på kommunikasjonsteknologi enn vår eiga. Døme på tendensiøs bruk av sitat gjer òg at det politiske aspektet ved denne artikkelen til Ørebech vert tydeleg.[21]

I 1996 hadde Nils Kolle eit innlegg på historikardagane i Bergen om "Fritt hav? Om retten til sjøfiske". Kolle kjende til nokre av dei juridiske forfattarane som hadde skrive om fiskerettar i saltvatn, men leverer eit sjølvstendig historisk bidrag parallelt med den juridiske forskingstradisjonen på området. Men Kolle freistar heller ikkje å setja spørsmålet om fiskerettar i saltvatn inn i ein større orden, men handsamar punktmessig ulike døme på slike fiskerettar.[22] Viktigast er det at Kolle delvis har leita fram andre historiske kjelder enn dei som er nytta i den juridiske forskingstradisjonen.

Den siste som har arbeidd med fiskerettar i saltvatn er Kirsti Strøm Bull som i 2005 publiserte artikkelen "Fisket i saltvann – betraktningar rundt rettighetsspørsmål". Som Ørebech har Strøm Bull supplert Robberstad si undersøking frå 1949-50 med eigen empiri. Robberstad skreiv sitt arbeid som ein del av argumentasjonsgrunnlaget i Fiskerigrensesaka mot Storbritannia, og var difor ikkje mynta på internrettslege tilhøve i det heile. Strøm Bull har derimot nettopp eit internrettsleg perspektiv. Arbeidet hennar gjeld norske fiskerettar i saltvatn generelt, men handsamar òg samiske rettstilhøve spesielt.[23] Som vi skal koma tilbake til, gjer artikkel 8 i ILO-konvensjonen nr. 169, ratifisert av Noreg i 1999, at det må takast omsyn til samiske sedvanar i den norske rett. Dersom fiskerettar i saltvatn kan gjerast tilstrekkeleg klare som rettsleg feno-

men, som vil seia dokumenterast som norm og knytast til samisk kultur, så vil dei dermed brått få ein rettsleg aktualitet og relevans.[24]

Knut Robberstad sitt arbeid "Historisk oversyn" frå 1950, og hans seinare tillegg av 1951 som ein replikk til den britiske argumentasjonen, vann gehør for både den britiske motparten og den internasjonale domstolen i Haag. England erkjente at

> *"no doubt in certain cases, where the fishing population was numerous, fishermen from particular localities tended by custom and mutual arrangements to resort habitually to the same fishing grounds",*[25]

men avviste at dette gav Noreg folkerettsleg grunnlag for å utvida territorialgrensa utover folkerettsleg praksis. Den internasjonale domstolen i Haag peika derimot i dommen på at

> *«Along the coast are situated comparatively shallow banks, veritable under-water terraces which constitute fishing grounds where fish are particularly abundant; these grounds were known to Norwegian fishermen and exploited by them from time immemorial."*[26]

Vidare peika domstolen på at

> *«the court considers that, although it is not always clear to what specific areas they apply, the historical data produced in support of this contention by the Norwegian Government lend some weight to the idea of the survival of traditional rights reserved to the inhabitants of the kingdom over fishing grounds".*[27]

Robberstad overtydde altså den internasjonale domstolen i Haag om eksistensen av fiskerettar i saltvatn, Ørebech og Strøm Bull har i sine arbeid supplert Robberstad sine funn med ytterlegare empiri,[28] og det er i dag vanskeleg å koma utanom at det rettshistorisk har funnest slike rettar. Men dei ulike funna er likevel ikkje sett inn i ein tidsmessig og innhaldsmessig orden som gjer dei lettare å identifisera rettsleg.

Fiskerettar i saltvatn frå 1200-talet til 1650

Strandfiskerettar

Det er ei rad ulike rettar knytt til strandlinja i samband med utnytting av ressursane i sjø, som til dømes kvalrek og selleie.[29] Når det gjeld fiske så er det særleg laksefiske og landslodd, som vil seia ein del av fisk fanga av andre føre og lagt på eins eigen eigedom, som har vore eksklusive rettar for eigaren av strandlinja.[30] Det har vorte hevda at landslodd ikkje var ein rett som eksisterte i den norske mellomalderen, men fyrst vaks fram etter reformasjonen.[31] Knut Robberstad har indikert at ei anna utviklingslinje er truleg.

I VII-48 i Magnus Lagabøtar si Landslov av 1274 heiter det at "hver eier vand og veidesteder foran sitt land, de som har været fra gammel tid, viss de

ikke lovlig er frakommet".[32] Men det går fram av samanhengen i regelen at det her er tale om fiskerettar i fersk- og ikkje saltvatn,[33] og lovregelen kan difor ikkje takast til inntekt for at det fanst eit lovheimla vern for fiskerettar i sjøen føre eigen eigedom. Denne tekststaden i VII-48 er henta frå Den eldre Gulatingslova V-22. Heller ikkje her gjev ordlyden svar på om det er tale om rettar i fersk- eller saltvatn, men Robberstad peikar på at i den islandske lovboka Grágás er regelen at grunneigaren har einerett til fiske føre sitt land så langt han kan setja garn eller kasta not.[34] Innhaldet i Grágás skal vera henta nettopp frå retten i Gulating. I så fall kan det vera at regelen i Gulating òg gjev uttrykk for at grunneigarar har ein eksklusiv fiskerett føre eige land.[35] Samstundes peikar Robberstad på at i Frostatingslova har regelen truleg vore at ein kvar kan fiske frå annan manns grunn.[36]

Det som er sagt ovanfor vert særleg interessant sett i lyset av ein dom som Herredagen, som var ei samling danske riksrådsmedlemmar som dømde i kongen sin stad i norske saker mellom 1568 og 1664, avsa i 1625 om landslodd ytst ute i Trondheimsfjorden. Saksøkjar, den norske kanslaren Jens Bjelke, la fram bevis for at det var sedvane for å krevja landslodd langs kysten frå Båhus len til og med Sogn og Fjordane samt i Nordland,[37] men makta ikkje å overtyda retten om at denne sedvane òg gjaldt i Trøndelag.[38] I så fall kan det vera at ein i Den eldre Gulatingslova finn spor etter ein gamal rettstilstand, slik den på fleire område gjev uttrykk for arkaisk og førkristen rett,[39] medan Frostatingslova er langt meir rettsleg oppdatert sidan erkebispesetet frå 1153 låg i dette lagdømet. Som alt sagt gjev denne lova døme på at det i Frostating fanst inngåande kjennskap til romersk rett. Og utgangspunktet etter romersk rett var at fisket var fritt, og at både strandlinja og havet var eit *res communes omnium*; eit fellesgode som ingen, verken privatpersonar eller staten, kunne råd over.[40] Moglegvis var det denne ideen som vart lagt til grunn for Landslova av 1274, der regelen frå Den eldre Gualtingslova gjennom si plassering i lovboka vart gjort relevant åleine for fiske i ferskvatn. I så fall nytta lovkonsipistane den same teknikken som elles pregar Lands- og Bylova: Dei tok utgangspunkt i rettsreglar frå landskapslovene, men gjennom mindre endringar i ordlyd eller samanheng endra innhaldet i tråd med *jus communes*. Saka om landslodd frå 1625 viser at kravet på eksklusivt fiske ikkje endra seg av den grunn i dei område der dette hadde vore regelen, men at det frå 1274 var tufta på sedvane åleine.



Laksefiskeretten

Laks følgjer faste ruter på veg inn og ut frå sine heimeelvar for å gyta. Der laksen følgjer land på si vandring er det attraktivt å fiska laks.[41] Fyrste gong ein møter ein laksefiskerett er i samband med eit sal av ei not, og dermed indirekte av tilhøyrande fiskerett, i elveosen i Uskedalen i Sunnhordland i 1314.[42] Av "Aslak Bolts jordebok" frå om lag 1430, som gjev ein oversikt over jordeigedomane til erkebispesetet i Nidaros, ser ein at det ikkje var uvanleg i seinmellomalderen å omsetja slike rettar til å fiska laks som heilt eigne eigedomsobjekt på grunn av den store verdien dei kunne representera.[43] Som vi skal sjå, vart prinsippet om fritt fiske fyrste gong slått fast i norsk rett i Hummarfiskelova av 1728, men det er verdt å merka seg at det vart gjort eksplisitt unntak for laksefiske: "Enhver fisker den Fisk Havet giver af sig, hvor den falder, undtagen Lax, som søger visse Steder, hvilke staae i aparte Skat og Skyld, for det Slags fiskerie."[44]

Før Hummarfiskelova av 1728 har ein ingen lovreglar som gjorde laksefiske langs land eksklusivt for eigaren av jordeigedomen. Sidan dette i 1314 var ein rett som kunne seljast eller leigast bort separat, så må ein kunna slutta at laksefiske lenge før 1728 har vore ein eksklusiv fiskerett i saltvatn som har hatt sedvane som sitt rettsgrunnlag.

Landsloddinstituttet

Ved sida av laksefiske i samband med strandlinja var landslodd ein rett ved fiske som tilkom eigaren av jordeigedomen det vart fiske frå eller ved. Dette var ei avgift eigaren av strandlinja kunne krevja av den som fiska med garn frå hans eigedom, sjølv om ei utsegn frå Jens Bjelke i den alt nemnte rettssaka frå 1625 indikerer at det kunne krevjast landslodd av fiske med alle typar reiskap.[45] Avgifta var ein rett på ein del, eit lodd, av fangsten som vart dratt på land, derav namnet landslodd. Ei anna sak er at landslodden gjerne vart omgjort til ein pengesum med utgangspunkt i verdien av fangsten.

Alderen på landsloddsinstituttet er usikker, og den er basert på sedvane i den form ein kjenner den frå 1600-talet. I VII-48 i Landslova til Magnus Lagabøter av 1274 heiter det rett nok at den som legg opp sild på annan manns grunn mistar retten til denne dersom han let den liggja igjen etter sommarmål, som er 14. april, og at det skal bøtast for skade gjort på annan manns grunn i samband med sildefiske. Men dette er lovreglar som ikkje kan heimla ei avgift for fiske ved eller på ein eigedom. Likevel har denne skadebotregelen vorte sett på som opphavet til landsloddinstituttet.[46] Denne slutninga føreset at landslodd var ei avgift for bruk av eigedom, og ikkje i tillegg ei avgift for bruk av fiskerett i sjøen føre standlinja. Dette er ikkje ei uproblematisk slutning.

Som peika på ovanfor, er det ikkje mogeleg sikkert å seia når landsloddinstituttet vaks fram, men det kan vera ut-

slaget av ein eksklusiv rett til fiske føre eiga strandlinje, som etter at Landslova kom i 1274 åleine var tufta på sedvane. Bakgrunnen for dette resonnementet er den alt nemnte rettssaka frå 1625 der Jens Bjelke krov landslodd for sildefangst som vart dratt opp på hans eigedomar Austråt og Fosen i og utanfor Trondheimsfjorden. Dommen er den viktigaste historiske kjelda til å forstå karakteren av landsloddinstituttet. Fram til 1966 var det åleine stemningsskrivet til Jens Bjelke som var publisert. Sjølve dommen er ikkje tidlegare nytta som rettshistorisk kjelda, og den vil difor verta handsama meir inngåande i det følgjande.

Dommen av 1625 og landsloddinstituttet som sedvane

Rettssaka frå 1625 har vorte lest slik at Jens Bjelke freista å innføra landsloddsinstituttet i Trøndelag.[47] Så enkelt er det ikkje. Som alt sagt, er det mogeleg at det i Trøndelag gjaldt ein annan regel enn i resten av landet. Men Bjelke var ikkje den einaste som meinte at landsloddsinstituttet òg gjaldt for dette området. For då saka kom opp for lagmannen i Trondheim i 1623 vart det ikkje treft noko avgjerd, men åleine det som er kalla ein "opsettelse"[48] og ein "jndfindelses-domb"[49] der Bjelke sitt krav på landslodd vart avvist. Dette var ikkje nokon eigentleg juridisk term, men må referera seg til I-4 i Kristian IVs Norske lov av 1604. Her heiter det:

> *"End alle de sager, som lowen icke forklarer, da skal huer lade sig nøye om laugrettismend samtøcke. End kunde de icke forliges der om, da stande det som laugmanden samtøcker: vden konningen oc hans raad anderledis for ret kiender."*

I møtet med lovtomme rom hadde altså lagretten kompetanse til å fylla dei så lenge dei var einige. Dersom så ikkje var tilfellet, gjaldt lagmannen si meining om spørsmålet så lenge kongen, som øvste dommar, samtykka i hans avgjerd. Det er truleg eit slikt høve der lagmann og meddomsmenn ikkje har vorte samde om Bjelke hadde rett til å krevja landslodd eller ei, som ein her står ovanfor. Ei endeleg avgjerd var utsett til 1625, då Herredagen i kongen sin stad tok stilling til saka. Dermed kan det umogeleg ha vore åleine Bjelke som meinte at landsloddsinstituttet òg gjaldt i Trøndelag. Vidare skal ein merka seg at det er ein meddomsmann, med kjennskap til lokale tilhøve som har vore samd, medan det er den danskfødde lagmannen som gjer gjeldande dansk doktrine om at strandlinja tilhøyrer kongen åleine. Ein skal òg ha i minnet at kongen i realiteten omgjorde Herredagen si avgjerd i 1626 ved å gje Jens Bjelke rett til krevja landslodd på gardane Austråt og Fosen med same grunngjeving som Bjelke sjølv hadde gjort gjeldande i retten.[50]

Eit anna aspekt ved lagretten si avgjerd



i 1623, og Herredagen sin dom 2 år seinare, er kva rettsgrunnlag Jens Bjelke heimlar sin rett til landslodd på. Det har mellom annan vorte hevda at landslodd var eit adeleg privilegium,[51] og det er heilt rett at Bjelke fyrst og fremst gjer gjeldande adelen sine privilegie frå 1582 som heimel for sin rett til landslodd.[52] Men han viste og til fleire lovstader om skade på annan manns eigedom, samt om at ein skal ha sine gamle rettar til fiske føre eigen eigedom,[53] og til slutt naturretten.[54] Fyrst av alt avviste retten at VI-44 i Kristian IVs Norske lov av 1604, som tilsvarar VII-48 i Landslova av 1274, gjaldt for fiske i saltvatn. Tilvisninga til naturretten tok ikkje retten stilling til. Dermed vart det adelen sine privilegium av 1582 som den rettslege striden skulle stå om. Her var det sagt at adelen skulle nyta dei rettane dei hadde hatt uforstyrra av kongelege tenestemenn, og Bjelke gjorde dei gjeldande fordi han meinte å ha ein rett basert på sedvane til å krevja landslodd dersom denne retten ikkje kunne heimlast i VI-44. Retten sitt utgangspunkt var eit anna: Strandlinja var ikkje privat, men kongeleg eigedom.[55] Det var gjeldande regel i Danmark,[56] og både lagmann Peder Grumb, lensherre Tage Tott og dei tre domsmennene var alle danskfødde. Etter dansk lov måtte ein rett knytt til strandlinja vera positivt gjeven vedkomande av kongen, og i handfestinga av 1536 gav kongen ein slik rett til den danske adelen.[57] Så var ikkje tilfellet for Noreg, og dermed fekk ikkje Jens Bjelke medhald i sitt krav på landslodd.

Det er interessant at landsloddsretten i Trøndelag fekk lovheimel med lov i 1636 der det eksplisitt vert vist til gamal bruk og sedvane.[58] Truleg var det turvande å gjera den gamle og innarbeidde sedvane til lov om den skulle ha fullt rettsvern. Årsaka er truleg at den verka framand, og difor ufornuftig, for dei danske embetsmennene.[59]

Dommen av 1625 og kva type bruk landslodd refererte seg til

Ein kan merka seg at Jens Bjelke i "Termini juridici" 1634 sjølv forklarar landslodd som "den rettighed som bøer at giffuis til Landdrotten, for mand bruger nogen Mands Land eller Grund til sin Nytte, ut til Fiskeri, eller i andre maader."[60] Men i rettssaka i 1625 formulerte Bjelke seg både slik at landslodd var ein kompensasjon for bruk av hans eigedom til lagring av fisk,[61] for fiske på hans grunn[62] og i sjøen føre hans eigedom.[63] Samstundes gjer han gjeldande at dei som fiskar laks frå annan manns strandlinje òg betalte landslodd.[64] Som vi har sett var laksefiskeretten ein rett som bare tilkom grunneigaren. Den landslodd for laks som Bjelke omtalar må vera ein type leige av retten til å fiske laks, og dermed skulle landslodd i følgje han vera ei leige for å nytta fiskeretten og ikkje sjølve strandlinja. Det er slik Rob-

berstad forstår innhaldet i landsloddinstituttet.[65]

Ein tvist frå 1311 indikerer at Robberstad har rett. Tema for tvisten var om det var kannikane i Kristkyrkja i Nidaros eller mellom andre riddaren Serk til Austråt som hadde rett til å kasta etter fisk frå eit nes under garden Hassel i Sør-Trøndelag.[66] Det er her altså ikkje spørsmål om bruk av landjorda til lagring av fisk som vert fanga, men rett og slett bruk av sjøen ved strandlinja.

Kasting etter fisk skjedde gjerne i kastevågar der det vart fiska til dømes makrell og sild. I 2. bind av "Noregs gamle Love" frå 1752 gjengjev Hans Paus, seinare sorenskrivar i Finnmark, ei rettarbot utgjeve av Herredagen og stadfesta av kongen i 1584. Her heiter det i artikkel 9:

> *"End oprømmer Leiglendingen noget nyt Fiskerie, da skal han nyde sit Arbeyd efter 6 Mænds Dom, og vil Landdrotten udleye noget slig oprømmet Fiskerie, da skal den, som boer paa Jorde, være det nærmere at leye end en fremmed efter 6 Mænds Sigelse."*[67]

Den leiglendingen som ryddar grunnen under sjøen utanfor jorda han leigar slik at fisket vert betre, skal sjølv nyta godt av dette arbeidet. Det som er interessant er at grunnen under sjøen vert rekna som ein del av den leiglendingsjorda som leiglendingen bygslar. Når Jens Bjelke i 1625 krev landslodd for "sild som kunde fanngis wnder forbemeldte candtzelers Bielckis sædegaardis grunde", så er det altså like mykje for fiske på den del av sjøen som ligg til hans gard som for bruken av strandlinja til å lagra silda. Slik sett kan ein seia at det eigedomslause fiske går frå å vera *res nullius* til å verta Bjelke sin eigedom i det den søm over hans grunn, som er grunnen umiddelbart utanfor hans strandlinje. Det er akkurat same tanken som ligg til grunn for at fisk som søm i elv er eigedomen til den som eiga landjorda elva renn gjennom. Dette er bakgrunnen for at Bjelke seier at "ey dog widendis huadt større frjhedt dendt fisch haffde i siøen and anden slags fisch."[68] Av "Aslak Bolts jordebok" ser ein då òg at fiskerettar i saltvatn vart rekna inn i landskylda til ein gard dersom dei var særleg innbringande,[69] og det var ikkje skild mellom fiskplassar i saltvatn, fiskebekkar på land, laksevarp, eggvær, selleie eller kvalrek.[70]

Poenget med å stridast om ein kasterett og å gje ein leiglending rettsvern for oppdyrkinga av sjøgrunnen, må vera at det finst ein eksklusiv fiskerett til sjøen like utanfor strandlinja. Denne retten kunne ein altså lata andre nytta mot kompensasjon, og fram til slutten av 1700-talet indikerer storleiken på landslodd at det meir er tale om leige av fiskerett enn kompensasjon for bruk av annan manns eigedom til å lagra fisk. I lovene frå 1636 om landslodd vert den sett til maksimalt 1/4 av fangsten med utgangspunkt i gamal bruk og sedvane.[71] Robberstad viser til at så seint som på 1780-talet var landslodd frå Sunnhordland til Sunnmøre frå 1/4 til

1/10, med eit snitt på om lag 1/7. Men samstundes peikar Robberstad på at i Hardanger krov ein ingen landslodd, medan den langs kysten av Sunnhordland var på 1/4.[72] Årsaka er at fiske frå og ved strandlinja spela heilt ulike roller i økonomien i dei to regionane. Strandfiskeretten må difor ikkje forståast som ein nasjonal sedvane, men som ein rett som har vore alt frå eksklusiv til totalt fråverande alt etter lokale tilhøve og behov.

Dommen av 1625 og den romerske retten som bakgrunnsrett

Korleis kunne Herredagen gje rettsvern så lett i 1584, og samstundes finna Bjelke sit krav om landslodd så problematisk i 1625? Som ein freistnad på eit svar kan ein peika på at det ikkje var same mennene som sat som dommarar i Herredagen i dei to tilfella, eller at Trøndelag moglegvis stod i ei særstilling når det gjaldt landslodd. Når det gjeld det siste poenget så må det peikast på at rettarbota av 1584 er generell og gjaldt like mykje for Trøndelag som resten av landet, og at det ovanfor er peika på at betaling av landslodd truleg var praksis i Trøndelag òg. Snarare er det mogeleg at forklaringa ligg på den uuttalte bakgrunnsretten som Herredagsdommarane kan ha kjent til. For i møtet med ein framand sedvane er det bakgrunnsretten som medvite eller umedvite vil verta nytta til å forstå og evaluera sedvanen.

Som alt sagt, var den romerske retten ein *ius commune* i mellomalderen. Sjølv om ein vanlegvis let reformasjonen vera sluttpunktet for mellomalderen, så skjedde det lite innan rettsvitskapen før på andre halvdel av 1600-talet. Og sjølv om ein kan hevda at den naturrettslege rettsideologien såg dagens lys alt i 1625, var naturrett likevel meir ein referanse enn materiell rett før på slutten av dette hundreåret. Romersk rett spela difor framleis ei viktig rolle som lærd bakgrunnsrett både i 1584 og 1625. Som alt peika på, var stranda etter den romerske retten uomtvisteleg *res communes omnium*.[73] På den andre sida vart romarretten forstått slik at dersom ein stengte av eit område i sjøen, til dømes for å driva fiske, så kunne ein få rettsvern for det i høve til andre rettssubjekt så lenge det avstengte området ikkje hindra fri ferdsel på sjøen.[74] Dei områda som vart dyrka i sjøen var fyrst og fremst fiskevågar, kor ein særleg fiska sild og makrell eller dyrka østers, og kunne dermed samanliknast med slike avstengte område som ikkje var til hinder for fri ferdsel. Dette gjorde ein slik fiskerett langt meir akseptabel i høve til den romerske retten enn landsloddsinstituttet som openbart streid både mot både dette og mot dansk lov. Fram til landsloddinstituttet fekk lovheimel med lova av 1636 må dette ha vore avgjerande. Og så kan det leggjast til at Amund Helleland i 1891 framleis fann at landslodd var ein uting, medan han lettare kunne akseptera stenging av ein våg så lenge ferdsla til sjøs ikkje vart skadelidande.[75]

Til sist skal ein merka seg eit særleg aspekt ved argumentasjonen til Jens

Bjelke i 1625: Praksis viste at landsloddinstituttet ikkje hindra folk frå å fiska.[76] Sjølv om det ikkje kjem fram i dommen, må Bjelke ha vorte møtt med det argumentet at landslodd ville føra til at fiskeressursane vart liggjande unytta, noko som ville vera eit tap for kongen, sidan staten dermed gjekk glipp av inntekter på ei rad ulike måtar. Slik sett argumenterte Bjelke eigentleg mot at landsloddsinstituttet var ei ufornuftige ordning. Oppdyrking av fiskevågar var derimot eit middel til å gjera fisket meir effektivt, og ei verksemd som for medlemmane av Herredagen må ha framstått som fornuftig.

Heimefiskerettar

Det eldste dømet på heimefiskerettar har ein frå "Landnåmabok" der det heiter at Turid Sundfyllen frå Hålogaland tok seg land på Island rundt 900, og i samband med det tok ho seg òg ein fiskeplass i ein fjord. Fiske på denne fiskeplassen leigde ho deretter ut til alle som ville fiska der.[77] "Landnåmabok" vart skriftfest på byrjinga av 1200-talet. Ein kan dermed slutta at på Island gav det på dette tidspunktet meining å snakka om eksklusive fiskerettar i fjordar.

I ein reint norsk samanheng møter ein slike fiskerettar i eit gåvebrev frå 1386 då Munkeliv kloster i Bergen fekk Ramsholmen med "sæll latre og fiski oc ollum androm luthom og lunnendom som til Þan holma liggir edhir till lighit hafuir frå forno", selleie og fiske og alle andre rettar som ligg eller har lege til holmen frå gamalt.[78] I den alt nemnte "Aslak Bolts jordebok" frå 1430-talet vert fiskerettar i saltvatn i fjordar og nære kyststrøk nemnt fleire gonger.[79] Til dømes heiter det her at garden Rødsand hadde rett til fiske innanfor Sortland i Lofoten.[80] Namn på fiskegrunner som vart samla inn i regi av Fiskerikomiteen 1949-51 indikerer at fiskerettar i fjordar og kystnære strøk vart nytta både av einskildpersonar, til dømes "Henriksboen", og av større grupper, til dømes "Grøtavær", begge situert i Andfjorden utanfor Grytøy.[81]

Heimefiskerettane hadde ikkje heimel i lov, men åleine i sedvane. Men desse rettane vart likevel godkjent gjennom ulike vedtak gjort av kongen sine tenestemenn. Til dømes vart det vedteke på lagtinget for Nordland, Troms og Finnmark ein gong mellom 1604 og 1618 at nokre personar skulle få fiska med line på eigne fiskegrunnar.[82]

Havfiskerettar

Havfiskerettar, som strand- og heimefiskerettar, kan i alle høve førast tilbake til mellomalderen. I "Aslak Bolts jordebok" heiter det til dømes at det ligg eit fiskevær til garden Gjermsøy i Lofoten.[83] Til fiskeværa høyrde det havområde der dei som hadde eller leigde hus i fiskeværet hadde eksklusiv fiskerett. Interessant i denne samanhen-

gen er det bondeeigde fiskeværet Brandsholmen, som låg inne i Buksnesfjorden i Lofoten, omtalt i "Lofotens och Vesteraalens Beskriffuelse 1591 af Erik Hansen Schönneböl". Her heiter det at dette fiskeværet åleine vart nytta av folk frå Helleland.[84] Det er tenkjeleg at retten til å krevja avgift for fisket låg til den som hadde høve og tradisjon for å husa fiskarane, medan sjølve fiskeretten låg til eit bygdelag. Ei slik oppdeling av retten i *dominium directum* og *dominium utile* kjenner ein frå norsk mellomalderrett i samband med overbygslingsinstituttet.[85]

I 1599 forfatta Peder Clausson Friis skriftstykket "Om Diur, Fiske, Fugle oc Trær udi Norrig". Her stadfestar han indirekte eksistensen av havfiskerettar når han forklarar korleis fiskarane kan finna fiskeplassar ute i havet:

> *"Oc naar dj roe der-till, haffue de Meed og Kienning aff Klippen paa Landet, huor same Grunde ere, huilche Grunde ere i gammel Tide med stuor Flittighed opsøgte, oc Kienning afftagen, thi en Part er en Mill eller thou udj obenbare Haff, oc udj Nordlanden ligge saadanne Fische-Grunde 6 eller 8 Veg Siøs udj Haffuet fraa faste Landet."*[86]

Det å reisa ut på havet for å fiska er altså i følgje Friis ikkje noko nytt, og fiskeplassane her kan liggja så langt som 6 til 8 vegar sjø ute. Ein veg sjø er enten den tida sjøen brukar på å flø eller fjøre, som er om lag 6 timar, eller tida mellom kvar flo og kvar fjøre, som er om lag 12 timar. Friis hevdar i 1599 at fiskeplassar ute i havet kunne liggja så langt frå land at fiskarane brukte enten 1 ½ til 2 døgn på å sigla ut til dei, eller dobbel så lang tid.[87]

Fiskeplassane i havet vart gjevne stadnamn på same viset som plassar på land som vart oppsøkt i samband med ressursutnytting.[88] Og stadnamn som "Mannvær" utanfor Mandal i Vest-Agder, "Herdlevær" utanfor Herdla i Hordaland, og "Borgvær" utanfor Borge i Nordland viser at sedvanen med at bygdelag hadde eigne fiskeplassar ute i havet var vanleg langs heile kysten.[89] Munnhellet "å sigla sin eigen sjø" skriv seg nettopp frå denne praksisen med at kvart bygdelag skulle fiska på deira sjøteig.

Som strand- og heimefiskerettar var havfiskerettar ikkje heimla i lov, men i lokale og regionale sedvanar.[90] Det har vore gjort gjeldande at havfiskerettar har hatt heimel i ei rettarbot, ei tilleggslov, i Frostatingslova som seinare vart tatt inn i kong Magnus Lagabøtar si Landslov av 1274.[91] I denne lovregelen er det vist til dei indre og ytre allmenningane i Hålogaland, og det har vorte hevda at dei ytre allmenningane var havstrekningar.[92] Heilt utenkjeleg er ei slik slutning ikkje.[93] På den andre sida er det ut frå ordlyden langt meir naturleg å forstå regelen slik at dei ytre allmenningane var dei nes, øyar, holmar og skjer som vart nytta som utgangspunkt for havfiske i fiskesesongane.[94] No er den generelle regelen at fiskerettar i saltvatn er knytt til geografiske område, og det er ingenting

i vegen for at ulike område i havgapet som vart nytta som fiskevær vart rekna å ha fiskerettar i særlege sjøområde. Men det er ikkje mogeleg å lesa dette ut av Frostatingslova. Det er av den grunn ikkje naturleg å hevda at havfiskerettane har hatt heimel i lov, og dei ytre allmenningar er ikkje ein term som bør nyttast i samband med fiskerettar, fordi det kan ikkje sikkert seiast at det er fiskerettar termen referer seg til slik den er nytta i Frostatingslova og Magnus Lagabøtar si Landslov.

Fiskerettar i saltvatn frå om lag 1650 til 1850

Strandfiskerettar

Som nemnt tidlegare, fekk den tidlegare sedvanebaserte laksefiskeretten heimel i lov med Hummarfiskelova av 1728, som elles innførte prinsippet om fritt fiske.

Retten til landslodd fekk lovheimel med Landsloddlovene alt i 1636, men dei gjaldt bare for kysten langs Vestlandet og Trøndelag. Det var i desse lovene lagt til grunn at landslodd var kompensasjon for bruk av strandlinja til fiske, og ikkje bruk av fiskerett utanfor strandlinja. Med Hummarfiskelova av 1728 var det under eit kvart omstende ikkje lenger rom for fiskerettar i saltvatn kor dei enn måtte vera situert i sjøen, og dermed kunne det ikkje lenger vera tvil om at det var landslodd for bruk av strandlinja som ifølgje lov hadde eit rettsleg vern.



Truleg er det dette som gjer at landslodd vart kraftig redusert i lovgjeving på slutten av 1700-talet. Fram til 1780-talet var retten til landslodd i Sunnhordland på 1/4 av fangsten, og 1/5 i Nordhordland. Med lov av 1795 var landslodd redusert til 1/8 dersom eigaren av fiskevågen både hadde rydda og betalte skatt for den, 1/10 om han bare hadde rydda fiskevågen, 1/12 dersom den bare var eigna til notkast men ikkje særleg rydda, og til slutt 1/16 for fiske på stader der nota kunne taka skade.[95] Reglane vart gjort gjeldande for heile Hordaland og Sogn og Fjordane i 1798.[96] Den særlege avgifta som kunne krevjast for fiske i fiskevågar er eit brot på prinsippet om fritt hav og fritt fiske som vart slått fast i Hummarfiskelova av 1728: "Enhver fisker den Fisk Havet giver af sig."[97] Slik ser ein at det naturrettslege prinsippet vart justert etter den lokale sedvanen, som rett nok kunne praktiserast med heimel i lov frå 1636. På den andre sida vart den lokale sedvanen justert opp mot prinsippet gjennom at retten til landslodd vart monaleg redusert, og vidare vart den differensiert. Dette må seiast å vera heilt i tråd med Charles Montesquieu si lære i "De l'esprit des lois" frå 1748, som hadde stor påverknad på dansknorsk rettsvitskap, om at det skal ideelt sett vera eit samsvar mellom den universelle naturretten og den lokale sedvaneretten. Så kan det leggjast til at det faktisk var ei tilpassing som kan tolkast inn i "Moralske Kierne, eller Introduction til Naturens- og Folke-Rettens

Kundskab" av Ludvig Holberg frå 1715.[98] Boka var det viktigaste juridiske verket på fyrste halvdel av 1700-talet, og vart nytta av juridisk studentar ut på andre halvdel av hundreåret.

Både eksplisitt uttalt, og reint logisk refererer landslodd seg til bruk av strandlinja under fiske og ikkje fiskeressursane utanfor denne. Samstundes finn ein i Forordning angaaende Silde- og Torskefiskeriet i Fosen frå 1792 ein regel der det heiter at

> *"Nøder af 20 til 30 Favnes Længde, som er det almindelige Fiske-Redskab til Fangst af Sej, Torsk, Flyndre, smaae Lax, og videre, skal det være enhver uformeent paa alle Steder og Aarets Tider at bruge for sit Land, eller hvorsomhelst det af Beboerene bliver han tilladt."*[99]

Lovregelen gjeld fiske frå strandlinja. På den andre sida regulerer den ikkje bruken av strandlinja, men utnyttinga av fiskeressursane utanfor. Forordninga må lesast slik at kongen kan ikkje gå inn og regulera dette fisket fordi det er ein rett som åleine tilkjem eigaren av strandlinja. Den manglande konsistensen i lovreguleringa på slutten av 1700-talet indikerer at den gamle sedvanebaserte retten til fiske utanfor eigen eigedom enno ikkje hadde heilt mista sin status som eksklusiv rett hos sentraladministrasjonen i København. Då kan det vera grunn til å tru at den vart gjort sterkare gjeldande i dagleglivet i Noreg på dette tidspunktet.

Heimefiskeretten

Heimefiskerettar og Hummarfiskelova av 1728

Prinsippet om fritt fiske vart altså slått fast med Hummarfiskelova av 1728. Bakgrunnen for lova var ei rettssak i Rogaland i 1725, der to bønder hevda retten til hummarfiske rundt ein del holmar og skjer "Ungefehrlig ½ fierdings Mil", som vil seia om lag 900 meter ut i havet.[100] Desse holmane og skjera hadde ingen jordbruksmessig funksjon utanom å markera grunner der hummaren treivst.[101] Dei to bøndene fekk medhald av retten i at dei hadde rett til å driva eit eksklusivt hummarfiske i området rundt holmane og skjera.[102] Dermed fekk ein sedvane forrang for det universelle prinsippet om fritt fiske, som vart slått fast av Hugo Grotius i verket "Mare liberum" frå 1609.[103] Sjølve regelen var, som alt sagt, romarrettsleg, men vart tatt opp som ein del av naturretten. Prinsippet om fritt fiske var ein del av naturrettslæra til Samuel Pufendorf frå 1670-talet,[104] og slike tankar var tilgjengeleg på dansk alt med Ludvig Holberg sitt verk om naturrett frå 1715. Men sorenskrivar Ulrich Frederich Leth var ingen utdanna mann med særleg kunnskap i naturrett.[105] Som mange underinstansdommarar i Noreg før Eksamensforordninga av 1736 hadde Leth åleine ein praktisk bakgrunn, i hans tilfelle som fullmektig for futen som representerte påtalemakta på tinget.[106] Fyrst etter 1736 vart denne typen praksis supplert av eit juridisk studium med naturrett, etter Holberg si framstilling, som ein del av pensum.

Det er difor ikkje til å undra seg over at Leth utan vidare fann at Hummarfisket utanfor garden Veda på Karmøy var eksklusivt, for i hans tilfelle må fiskerettar i saltvatn har stått fram som langt meir kjent, og dermed fornuftig, enn prinsippet om fritt fiske. Og Leth var ikkje einaste embetsmannen i Rogaland som var av denne meininga: I 1723 vart amtmannen i Stavanger amt førelagt ei tilsvarande tvist, og han òg kom til at hummarfiske ved øyar og holmar var underlagt privat bruksrett.[107]

Motparten hadde derimot gjort gjeldande at fisket ved dei aktuelle holmane og skjera tidlegare hadde vore fritt, og meir generelt "at dette Fiskerie er frit for alle".[108] Då bøtene for ulovleg fiske vart kravd inn om lag 1 år etter dommen, klaga dei dømte sjøfolka saka direkte inn for kongen, og gjorde no sterkare gjeldande at

> *"Hummerfiskeriet j Norge under Halfskierenne og Landet, lige saa frit for andre, som det frå Arildz Tid har været ved Torsk og andet Fiskerie, og aldri tilforn beviislig har været nogen Menneske forunnet."*[109]

Kongen bad den norske statthaldaren, Ditlev Wibe, uttala seg i saka. Statthaldar Wibe slo fast at slike private bruksrettar var ein uting, og i strid med prinsippet om fritt hav, og dermed fritt fiske. Men deretter slo Wibe fast at slike rettar uomtvisteleg fanst. Han viste til at på øya "Mardøe" utanfor Arendal rekna ein holmar og skjer som låg opp til ei mil frå land som ein del av eigedomen under gardane på øya. Vidare meinte statthaldaren til og med at dei hadde vern i Kristian Vs norske lov av 1687, der det heiter: "Ingen maa giøre anden Forhindring paa det Fiskeri han haver haft af Alders Tid." Sjølv om statthaldaren kom til at det kunne dokumenterast at fisket ved holmar og skjer ute i havet òg andre stader i Noreg kunne vera eksklusivt, og trass i at han kom til at slike sedvanar hadde rettsvern etablert ved lov, så tilrådde han likevel at kongen skulle omgjera dommen som nettopp stadfesta rettsvernet til ein slik rett.[110] Det er vanskeleg å forstå dette på anna vis enn at det grunnleggjande og universelle prinsippet om fritt fiske stod over, og gjekk føre både lov og sedvane.

No gav Wibe, som var ein velutdanna mann i motsetnad til Leth,[111] på ingen måte uttrykk for noko rettsideologisk standpunkt. Det kan åleine hevdast at hans standpunkt vanskeleg gjev meining om ikkje både han sjølv og den som les høyringsutsegna hans hadde ein idé om dei universelle prinsippa sin førerang for det partikulære. På den andre sida uttrykte Wibe, som hadde lang fartstid innan den dansknorske administrasjonen,[112] eksplisitt eit anna viktig argument som Bjelke tok opp i dommen av 1625: Fiskerettar i saltvatn i høve til effektiv utnytting av naturressursane i sjøen. Wibe såg det som eit problem om einskildpersonar skulle ha eksklusiv rett til å hausta ressursane i sjøen: "De

er imod Comercien og den rette nytte og brug". Med andre ord: Ordninga med eksklusivt hummarfiske ved nokre holmar og skjer utanfor Veda på Karmøy spesielt, og med fiskerettar i saltvatn generelt, var ufornuftig sett frå eit statleg synspunkt.

I Hummarfiskelova av 1728 underkjente kongen den tre år gamle dommen frå Rogaland i tråd med tilrådinga frå statthaldar Ditlev Wibe, og innførte det generelle prinsippet om fritt fiske som gjeldande rett i Noreg.[113] At prinsippet vart gjort gjeldande for andre stader enn i Rogaland, går fram av ei utsegn til Hans Strøm i hans verk "Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmøre" frå 1766. Her skriv han om fisket i Borgund, der han sjølv var prest:

> *"Megen Kiv og Trette foraarsages, helst imellem Sognets egne og de fremmede Fiskere, hvilken undertiden med alt for stor Hidsighed oprippe og afhandle den gamle Tvistighed de mare libero & clauso [det frie og stengde hav]."*[114]

Prinsippet om fritt hav var altså ikkje eldre enn at det framleis var årsak til krangel mellom dei som tradisjonelt hadde hatt fiskerett i Borgundfjorden, og tilreisande fiskarar som tidlegare åleine hadde profittert på fisket som mannskap på sunnmørske båtar. Samstundes er det truleg nettopp i område der det har oppstått tvist om fiske at prinsippet om fritt hav har vorte gjort gjeldande, rett og slett fordi rettsavgjerder etter 1728 ville vera i strid med lov dersom retten kom til eit anna standpunkt. I 1985 kom Høgsterett til at innbyggjarane i Kåfjorden i Tromsø hadde rett til å fiske torsk på særlege grunner, og på dei særlege tidspunkta torsken kom inn i fjorden for å gyta. Når denne heimefiskeretten hadde overlevd så lange at den på 1980-talet vart godkjent av Høgsterett, så skuldast det truleg at fisket ikkje var omstridt, eller at eventuelle tvistar om denne fiskeretten vart løyst på minneleg vis utanfor domstolane.[115]

Nærare om karakteren av heimefiskerettar på 1700-talet

I saka frå Karmøy i 1725 var kjernen i tvisten at eigarane av eigedomane innanfor nokre holmar og skjer ute i sjøen gjorde krav på eigedomsrett til desse, og dermed eksklusivt hummarfiske ved dei. Statthaldar Ditlev Wibe observerte vidare at innbyggjarane på "Mardøe" utanfor Arendal rekna fiskeplassane rundt holmar og skjer ute i havet som sine så lenge dei kunne sjå desse frå heimstaden. Det var ikkje holmane og skjera i seg sjølv som var av interesse, men det at dei representerte grunner som hummaren eller fisken oppsøkte. I begge tilfelle vert det ikkje gjort krav på eit samanhengande sjøområde, men åleine på grunner. Dette er typisk for heimefiskerettane. I dei område der strandfiskerettar vart gjort gjeldande ville desse følgja eigedomsgrensene på land eit stykke ut i sjøen, og dermed

utgjera eit samanhengjande belte inne ved land der andre enn eigaren av strandlinja ikkje kunne fiska laks, og ikkje kunne fiska annan fisk med not utan å betala landslodd. Utanfor dette beltet fanst det altså heimefiskerettar, men dei var spreidd rundt omkring. Slik sett vert det ikkje heilt rett når Hans Strøm framstilte det som ein konflikt mellom "mare libero & clauso", fordi havet rundt fiskeplassane var ope for alle å fiska i. I Kåfjorddommen var det då òg bare fisket på særlege grunner som fiskarane rekna som sin eksklusive rett. Eit unnatak var den indre delen av Varangerfjorden, der heile sjøen var delt i lineteigar. Når det skulle gjerast plass til amtmannen i Finnmark så han kunne få to slike lineteigar i 1792,[116] måtte dermed alle grenstilhøva justerast for at det skulle verta mogeleg. Og frå slutten av 1600-talet har ein eit døme på at det vart gått opp ei grense mellom to lineteigar i Varangerfjorden.[117]

At fisket utanfor dei rike fiskeplassane var fritt vart altså reflektert ikkje bare i praksis, men òg i lovgjevinga på slutten av 1700-talet då kongen freista å regulera fisket. Til dømes heiter det i kapittel 2 om Helgeland i Forordning angaaende Fiske-Redskabers Bestemmelse i Lofodens, Helgelands og Versteraalens Fogderier av 1786 at det er dei stader "Fisken stryger, naar den har sat sin Rogn" og grunner som vert underlagt fiskeriregulering.[118] Men det var ikkje bare fisket på dei rike fiskeplassane som det var knytt særlege rettar til, og som etter kvart vart underlagt ei særleg fiskeriregulering. Det same gjeld fisket i særlege fiskerike periodar. Ovanfor er det nemnt at sokneprest Hans Strøm registrerte at fisket i Borgundfjorden på Sunnmøre tidlegare hadde vore eksklusivt for dei som budde der. Strøm seier ikkje noko om fisket hadde vore eksklusivt heile året, og slik treng det slett ikkje ha vore. Det var det lukrative sesongfisket som var eksklusivt. Resten av året kunne truleg nordfjordingar koma og fiske om dei ville. Det er i alle høve dette som er tilfellet med sildefjordane Stjøren og Bjugn i Trøndelag, som ligg like ved Austråt der Jens Bjelke ville at sildefiskarane skulle betala landslodd. I ei forordning frå 1792 heiter det:

> *"Nodtbruget maae være tilladt til alle Aarets Tider paa Hitteren og alle landstrækninger af Viger og Bugter, saavelsom i alle trange Fiorder i Fosens Fogderie; undtagen i Schiøren og Biugnen, hvor ingen udenbøigds Nodfiskere efter Augusti maaneds Udgang maae indfinde sig med Nodkast paa disse Steder."*[119]

Lovregelen byggjer truleg på det som alt var sedvane, og som ein ser var regelen i indre delen av Kåfjorden så seint som på 1970-talet, at fisket åleine var eksklusivt når torsken kom inn for å gyta på grunnene. Poenget er at det ikkje var fiske generelt som var delt opp i rettar, men det særlege fiske som var tilstrekkeleg regulært til at det kunne knytast forventingar til det.

Havfiskerettar

Prinsippet om fritt fiske vart innført i 1728. I samband med laksefiskerettar har vi sett at lovgjevar alt i 1728 respekterte denne fiskeretten i saltvatn, truleg på grunn av den store økonomiske verdien den representerte, noko som igjen gjorde at slike fiskerettar inngjekk i skattegrunnlaget for gardsbruka med slike rettar. I samband med landsloddinstituttet ser vi at lovgjevar på slutten av 1700-talet respekterte dette, men tilpassa det både prinsippet om fritt fiske, og det samfunnsmessige behovet for at fiskeressursane vart effektivt utnytta gjennom kraftig å redusera storleiken på landslodd. Vidare har vi sett at lovgjevar tok utgangspunkt i den eksisterande praksisen knytt til fiskerettar i saltvatn når det på slutten av 1700-talet vart utvikla ei fiskeriregulering. Behovet for denne reguleringa sprang ut av konfliktar på dei rike fiskeplassane mellom fiskarar som nytta ulike fiskereiskapar. Og som vi har sett i gjennomgangen til no har det praktiske behovet vore svært viktig for den faktiske fiskeripolitikken. Men vidare har denne politikken vorte utforma innan eit rettsideologisk regime som har gjort nokre val meir naturlege enn andre. Den positive status sedvanar fekk med Montesquieu si lære om den partikulære naturrett må ha gjort det å byggja den fyrste fiskerireguleringa på dei alt eksisterande fiskerettane i saltvatn legitimt på ein måte som må ha vore vanskeleg så seint som på midten av 1700-talet. Kor raskt denne kuvendinga fann stad ser ein tydeleg i samband med havfiskerettar.

Tvisten om fisketiend i Lofoten

I 1766 og 1768 uttalte generalprokurator Henrik Stampe seg to gonger om same spørsmålet: Hadde væreigarar i Lofoten rett til å krevja fisketiend for fisk som vart fanga på det opne havet? Tiend var ei avgift på 1/10 av avkastning, slik at det vart betalt til dømes korn- og smørtiend av jordbruksproduksjon, og fisketiend for næringsfiske. Tiend vart opphavleg innført av kyrkja med heimel i Det gamle testamentet, men vart etter reformasjonen ei avgift som vart delt mellom konge, prest og kyrkje. Kongetiend var ei inntektskjelde som kongen kunne gje andre rett til å oppebera som eit privilegium. Til dømes fekk Joachim Irgens i 1666 retten til å krevja inn alle skattar og avgifter, og mellom desse kongetiend, i Nord-Noreg. Fisketiend står i denne samanhengen i ei særstilling, fordi den kan ha vore attraktiv som ein legitim måte å kunna krevja avgift for bortleige av fiskerettar. Den alt nemnte Joachim Irgens fylte nettopp gamle skattar og avgifter med eit til dels nytt innhald, og på det viset unngjekk han at den danske sentraladministrasjonen vart merksam på at han til dømes krov inn fiskeskatt av samar i Finnmark.[120] Og den fisketiend som væreigarar i Lofoten krov av dei som leigde rorbuer i deira fiskevær ser ut til å vera nettopp eit slikt skjul for ei regulær avgift for fiske i eit sjøområde som det var knytt ein eksklusiv fiskerett til. At dette ikkje var uvanleg ser ein både av den alt nemnte praksis med å avkrevja samar i Finnmark fiskeskatt, og at Georg Henrik Was-

muth, eigaren av Lyngengodset i Troms, i 1790 tok tiendbetaling av innvandrande kvenar som fiska i fjordane ved godset.[121]

Denne samanblandinga av fisketiend som ei legitim ording, og bortleige av fiskerettar, er truleg bakgrunnen for at sentraladministrasjonen i København hadde vanskeleg for å forstå ordninga som vart gjort gjeldande av værreigarane i Lofoten på midten av 1700-talet. Truleg kunne saka raskt avsluttast fordi ein i København faktisk ikkje forstod amtmannen si forklaring på kva innhald fisketiend i Lofoten hadde.[122] Men det som er interessant i denne samanhengen er at Stampe, som i kraft av å vera generalprokurator var den som gav den dansknorske sentraladministrasjonen juridiske råd og direktiv i vanskelege rettsspørsmål, arbeidde ut frå det for han openbare prinsippet om fritt hav:

> *"Ligesom havet eller det salte Vand eller aabne Søe, saa er og Søekanten og Strandbredden, efter Omstændighederne, res communis eller publica, hvis Brug er tilfælles for alle og enhver, og ikke tilhører den eller den private Person allene."*[123]

Ut frå ein slik tankegong var det å betala avgift for fiske både ulogisk og urettmessig. Vidare hevda han at det var "til Hinder for Fiskeriets Fremgang".[124] Samstundes skal ein merka seg at amtmann Hagerup i Nordland, som i 1767 uttalte seg om spørsmålet, fann det rettmessig at væreigarar kunne krevja fisketiend til den "viss Grund Fiske er fanget".[125] Formuleringa er svært lik den Jens Bjelke brukte i saka i 1625, og Stampe tok særleg opp at "den Fisk, som er fanget i det aabne Hav, ikke bør siges at være fanget under nogens Grund."[126] Igjen ser ein at den grunnleggjande tanken om ein kunne ha fiskerettar i saltvatn, på same viset som ein kunne ha ressursutnyttingsrettar i utmark, enno stod fram som meir kjent og fornuftig i Noreg enn i Danmark. Og igjen ser ein at prinsippet om fritt fiske, slått fast i dansknorsk juridisk litteratur i 1715 og i Hummarfiskelova av 1728, enno var ei ordning som ikkje hadde makta å leggja om gamal praksis om at gode fiskeplassar ikkje var opne for alle og ein kvar.



Generalprokurator Henrik Stampe var langt meir orientert mot den romerske retten enn hans samtidige Peder Kofod Ancher, som i staden var opptatt av "Lovenes sande Aand", som ville seia "deres Oprindelse, Anledning, Billighed, Nytte, indbyrdes Sammenhæng."[127] Den krasse avvisinga til Stampe i 1768 med utgangspunkt i naturretten, som berar av materiell romersk rett, var ikkje lenge den sentrale maksimen i den dansknorske fiskeripolitikken i Lofoten. Alt i 1772, og igjen i 1786, kom det reguleringar med utgangspunkt i at fiskevær disponerte over eigne havstrekningar.[128] Vidare vart det i Jordutvisingsresolusjo-

nen av 1775 sagt at det ikkje skulle gjerast endringar i bygdelag sine særrettar til fiske i havet når det vart høve til å kjøpa grunn i Finnmark av kongen, ein regel som enno ikkje er oppheva.[129] Og, som alt sagt, var sorenskrivaren på Andenæs og i Vesterålen med å gå opp ei grense i havet mellom to fiskevær i 1782. Slik gav sorenskrivaren grensa ein særleg rettsleg legitimitet.[130]

Noko av det fyrste det norske Stortinget gjorde var å vedta Lov, angaaende Fiskeriet i Lofoden av 1816,[131] der reguleringa av lofotfisket vart tufta på sedvane og ikkje prinsippet om fritt fiske. Lova var modell for ei fiskerilov for Finnmark frå 1830, gjeldande for resten av 1800-talet, som var det siste tilfellet der den gamle ordninga med fiskerettar i saltvatn vart nytta som grunnlag for offentleg fiskeriregulering.[132]

Nærare om karakteren av havfiskerettar

I sine skriv frå 1766 og 1768 framstilte generalprokurator Stampe avgift av fiske som ei ny ordning som nokon hadde tiltvunge seg. Det same gjorde statthaldar Ditlev Wibe om hummarfiskeretten som hadde vore oppe til doms i Rogaland i 1725, og Jens Bjelke vart møtte med at hans krav på landslodd ikkje var nokon gamal og etablert rett. For det fyrste skal ein ha i minnet at det er eit velbrukt retorisk grep å framstilla nye ordningar ein vil innføra som det opphavlege som har vorte fortrengt av seinare urett. For som alt vist, var den romarrettslege regelen om fritt fiske rett nok gamal, men den var noko nytt i norsk rett der hovudregelen heilt frå mellomalderen var at det var knytt eksklusive rettar til fiske ved strandlinja og på fiskerike stader i sjøen.

På den andre sida hadde truleg både Herredagen, Wibe og Stampe rett i noko av sin argumentasjon. For det kan sjå ut som om lukrative fiskerettar i saltvatn på 1600- og 1700-talet vart investeringsobjekt meir enn tilleggsressursar.[133] Til dømes det at fiskeværa i Lofoten i stor grad hadde kome på einskildpersonar sine hender gjorde at få personar disponerte over ressursar som var heilt essensielle for svært mange menneske.[134] Dette var problematisk fordi det vanskeleggjorde kontroll med velstandsutviklinga for store folkegrupper. Det er på denne bakgrunnen ein må forstå retorikken til statthaldar Wibe og generalprokurator Stampe: Rettar som tidlegare hadde kome mange til gode vart samla på færre hender, og eit politisk mottrekk var prinsippet om fritt fiske.[135]

At havfiskerettane var gamle og ikkje nye rettar vert understøtta av at futen i Lofoten, Erik Hansen Schønnebøl, i 1591 ved fleire høve peika på at fiske med utgangspunkt i fiskeværa der vart nytta av folk frå særlege område. For eksempel skriv han at fiske i Henningsvær låg til dei med tilhald der, samt i Vågan og Skrova.[136] Her nytta

dei Vågakallen som landemerke på same måten som havfiskarar nytta Romsdalshorn nord på Sunnmøre.[137] Heime- og havfiskerettane i dette området vart av Hans Strøm, sokneprest til Borgund på Sunnmøre, handsama som veletablerte rettar på 1760-talet. I det nemnte verket "Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmøre" opplyser Hans Strøm at fiske på ein fiskeplass kalla "Storeskjeret" vart nytta av innbyggjarane i kyrkjesokna Gursken, Sande, Syvde og Rovde sør på Sunnmøre.[138] Vidare heiter det at

> *"Fiske-Pladsene eller de Steder, hvor Torske-Garnene sættes ud, er visse saa kaldte Søyler eller smaae Dale i Havbunden paa 50 Favnes Dybhed, af hvilke et hvert Bygdelag har sine egne."*[139]

Desse sjøteigane bar gjerne namn etter bygdelaget som fiska der, slik at til dømes dei frå Sande fiska i Sandsjøen.[140] Frå Sunnmøre finn ein døme på at fiskarar rundt midten av 1700-talet reiste opp til tolv mil frå land for å utnytta slike fiskerettar.[141]

Fiskerettar i saltvatn frå 1850

Strandfiskerettar

Laksefiskeretten er den av fiskerettane i saltvatn som har vore mist omdiskutert opp gjennom rettshistoria. Som alt vist, var den i alle høve etablert i 1314, og har i dag heimel i Lakse- og innlandsfiskelova av 1992.

På slutten av 1700-talet vart retten til landslodd monaleg redusert gjennom lovgjeving. Lovgjevinga gjaldt for Hordaland og Sogn og Fjordane, og Trøndelag. Som tidlegare sagt var det dermed bare i dette området landsloddinstituttet fekk lovheimel til trass for at ein kan lesa ut av dommen frå 1625 at landsloddinstituttet i alle høve på dette tidspunktet var utbreidd langs heile kysten i Sør-Noreg. Den fyrste nasjonale lovgjevinga på området kom med Lov om Landslod i 1863.[142] Med den vart landslodd sett til 6% i Hordland og Sogn og Fjordane, og til 3% i resten av landet. Med lov av 1930 vart landsloddden sett til 3% for heile landet, og dette er framleis gjeldande rett.[143]

Midt på 1800-talet spela den historiske rettstenkinga, som ein del av den positivistiske rettsideologien, framleis ei viktig rolle i norsk rettsvitskap. Det er difor eit paradoks at det i innstillinga til Lov om Landslod av 1863 ikkje er sagt noko om utviklinga av landsloddinstituttet, og den rolla sedvane framleis spela for instituttet sitt innhald i mange delar av landet.[144] Paradokset vert enno større ved at det sedvanebaserte grunnlaget for landsloddinstituttet derimot var inngåande drøfta i odelstingsproposisjonen til ei ny lov om landslodd i 1929, då den historiske skulen ikkje lenger ga føringar på rettstenkinga.[145] Her er det mellom anna sagt at

> *"I og for seg er det ikke helt ubetenkelig å oppheve gammel landslottsedvane og forandre skikk og bruk for å sette avvikende lovregler i stedet. I mange tilfelle kan de herskende sedvaner ha slått*

så dype røtter og ha virket på eiendomsforholdene på en sådan måte at det kan føles ubillig og urettferdig at de skal opheves for å gi plass for nye lovregler. Av hensyn hertil har komitéen under utformingen av de enkelte regler i lovforslaget gått frem med størst mulig varsomhet. Man har således, som det vil fremgå av motivene til de enkelte paragrafer, stadig søkt å finne den løsning av de forskellige spørsmål som stemmer best overens med herskende praksis på de fleste steder langs kysten, for derved å gripe minst mulig forstyrrende inn i tilvante forhold."[146]

Forarbeida til Landslottslova reflekterer altså dei same demokratistraumane som prega norsk rettsteori dei fyrste tiåra av 20. hundreåret.

Heimefiskerettar

Dersom ein ser bort frå sildefisket i Stjøren og Bjugn som vart regulert med ei forordning av 1792,[147] har heimefiskerettane ikkje vore tema i lov. Av dei ulike fiskerettane i saltvatn er det dermed heimefiskerettane som i størst grad har halda på sin karakter som *lex non scriptum*. Etterretning om fiske på Sunnmøre fram til byrjinga av 1900-talet,[148] og Fredrik Brandt og Herman Scheel si handsaming av heimefiskerettane viser at slike rettar i og utanfor fjordane overlevde den irreversible innføringa av fritt fiske som grunnleggjande prinsipp i norsk rett med Lofotlova av 1857.

Kart utarbeidd i samband med Fiskerigrensesaka mellom Noreg og Storbritannia 1949-51 viser at fiskegrunnar med eigne namn då framleis var vanlege i kystnære strøk og i fjordar.[149] Kåfjorddommen frå 1985 viser vidare at heimefiskerettar har funnest like fram til denne tid, og at dei har rettsvern. Men ein skal vera merksam på at det var med knappast mogeleg fleirtal at fiskarane i Kåfjorden fekk medhald i sitt krav på erstatning etter at kraftutbygging hadde redusert deira fiske på kysttorsk som trakk inn i fjorden for å gyta i vintermånadane. Bakgrunnen er at både fleir- og mindretalet i dommen hadde problem med å plassera den sedvaneretten til fiske som vart gjort gjeldande. Når ein knapt fleirtal i Høgsterett valte å gje fiskarane medhald i deira krav skuldast det nok til dels at det var tale om eit passivt erstatningskrav med utgangspunkt i ein eksklusiv fiskerett. Hadde derimot dei same fiskarane gjort gjeldande eit aktivt krav om at andre fiskarar ikkje hadde rett til å fiska torsk i dei inste delane av Kåfjorden om vinteren, er det mykje mogeleg at dei hadde tapt. Årsaka er at kravet ville strida mot eit fundament i fiskerilovgjevinga om fritt fiske som det er staten, og ikkje private som nærare innskrenkar gjennom regulering. Og den sterke stillinga rettsmedvitet, og dermed sedvanar fekk i norsk rettsteori på byrjinga av 1900-talet, har ikkje vart ved.

Havfiskerettar

Som vist ovanfor snudde den dansknorske sentraladministrasjonen mellom 1768 og 1772, og frå å avvisa at fiskerettar i saltvatn kunne ha nokon som helst legitimitet vart desse fiskerettane nytta som grunnlag for fiskerireguleringa gjennom lov som vaks fram på siste halvdel av 1700-talet. Reguleringspolitikken vart vidareført av Stortinget ved i lovene av 1816 og 1830 for fiske i Lofoten og Finnmark.

I "Fiskerisoga for Sunnmøre" peikar Bjarne Rabben på at ein ikkje handheva grensene mellom dei ulike sjøteigane her så strengt etter at motoriserte fiskefartøy hadde vorte vanleg.[150] Den fiskeriteknologiske utvikliga spela òg ei viktig rolle som bakgrunn for Lofotlova av 1857, som gjorde slutt på oppdelinga av havet mellom dei ulike fiskevær her. Eit anna viktig aspekt var at prinsippet om fritt hav stemte heilt overeins med den liberalistiske politikken som generelt vart ført i Noreg på dette tidspunktet.[151] På same viset som laugsvesenet vart oppheva på landjorda, vart det gjort ende på "Forestillingen om Eiendoms-Ret til Havet", som forarbeida til Lofotlova av 1857 slo fast eksisterte på dette tidspunktet.[152] Dette skjedde samstundes som reguleringa av fiskereiskapar og nattfiske fall bort:

> *"Fiskehavet for nattsett var med ett blitt lovlig fellesbruk for alle, hvor førstemann hadde førsterett og hvor ingen bruksrett overhodet kunne gjøres gjeldende. Inndelingen i redskapsstrekninger mellom garn og line ble ikke lenger påbudt (...) Det var ikke lenger påbudt å sette i parallelle strekningar ut fra land, det kunne settes fritt på kryss og tvers, men likevel ikke slik at annen manns redskaper ble trykket ned."*[153]

Tanken var at det frie fiske ville heile nasjonen profittera på. Poenget var at den som var best skikka til å utnytta fiskeressursane, gjennom å vera mest driftig og innovativ, ikkje skulle møta hinder for si virkelyst. Slik kunne ein både oppnå eit lønsamt utkomme for fleire innbyggjarar og auka eksport av fisk, noko som både kom dei involverte partane og staten til gode. Men på grunn av avgrensa økonomisk omfang vart dei fleste heimefiskerettane aldri utsett for same trykket som havfiskerettane,[154] som i løpet av 1800-talet vart heilt avskaffa.

Omsynet bak framhevinga av prinsippet om fritt hav som statthaldar Ditlev Wibe hadde framheva i si høyringsutsegn alt i 1728, gjorde seg altså framleis gjeldande og havfiskerettane fall no etter kvart endeleg bort.

Det er eit paradoks at Lofotlova, som trass i at den ikkje var ei landsdekkjande fiskerilov for havfisket sin del kom til å representere det regimeskifte i norsk fiskerilovgjeving som Hummarfiskelova av 1728 aldri vart, kunne vorte tufta på motsett grunnlag enn prinsippet om fritt fiske. I 1840 vart det sett ned ein kommisjon som utarbeidde eit forslag til fiskeregulering som

var tufta på ei ordning med skikkeleg utskifting av sjøområda mellom fiskeværa. Det var eit problem at "de oppgivne Med og Mærker ingensinde have været medtaget paa noget kart, saa at det paa mange Steder er blevet en Umulighed at afgjøre" kva sjøområde som høyrde til kva fiskevær. Kommisjonen av 1840 meinte at løysinga var å halda grensegang mellom fiskeværa sine havområde.[155] Ketil Motzfeldt, som var medlem av den fiskerikommisjonen av 1854 som utarbeidde Lofotlova av 1857, uttalte seg om dette spørsmålet alt i eit brev til Indredepartementet i 1851 etter å ha vore på ei reise til Sunnmøre og Lofoten på oppdrag frå departementet:

> *"En Udskiftning af Havstrekningerne ved Lofoden paakræver vidløftige og bekostlige Forføininger (...) men ligesom disse ere nødvendige om Orden skal kunde holdes hos en saa talrig Almue, vilde Bekostningerne neppe kunne ansees uforholdsmæssige til Fiskeriets overordentlige Betydenhed. Anderles stiller Spørgsmaalet sig naturligviis med Hensyn til Landets vidløftige Kyster i det hele."*[156]

Ei utskifting av heile kysten ville verta for dyrt, og ville heller ikkje vera ei god løysing mange stader, men vart altså vurdert som eit alternativ for Lofoten. I 1852 uttalte amtmannen i Nordland at ein slik grensegang i så fall måtte følgje dei gamle grensene i havet og ikkje ta utgangspunkt i fiskeværa sine landområde.[157] Så seint som i 1851 og 1852 var det altså aktuelt å byggja vidare på den fiskerireguleringspolitikken som var tufta på fiskerettar i saltvatn.[158] Men publikumssedvanar hadde inga sterk stilling i norsk rettstenkinga på dette tidspunktet, noko som nok var ein medverkande faktor til at eit anna forvaltningsregime, fritt fiske regulert av staten, vart valt.

Avsluttande merknadar om fiskerettar i saltvatn i norsk rettshistorie

Fiskerettar i saltvatn har vore ein del av norsk rett sidan i ale høve høgmellomalderen. Til dels har dei frå 1600-talet fått heimel i lov, men i det store og heile har dei vore basert på sedvanar. Dette har gjort at fiskerettar i saltvatn bare sporadisk dukkar opp i dei historiske kjeldene. Likevel viser dette skriftstykket at fiskerettane i saltvatn var knytt til tre interessesfærar: Strandlinja, fjordar og nære kyststrøk, og havområde. Desse rettane er i dette skriftstykket klassifisert som strandfiskerettar, heimefiskerettar og havfiskerettar. Fiskerettane ved strandlinja var eksklusive for eigaren av landeigedomen innanfor, fiskerettane i fjordar og kystnære strøk var individuelle eller kollektive, medan fiskerettane i havområde var kollektive. Kjeldematerialet gjev ingen grunn til å hevda at desse fiskerettane har vore totale, men åleine eksklusive i høve til visse reiskapstypar, til visse stader i sjøen, og/eller til visse tidsperiodar. Kriteriet for om fisket var eksklusivt eller ei ser ut til å ha vore om det var tilstrekkeleg regulært og inntek-

tsbringande til å vera av ein viss økonomisk verdi.

Tidlegare arbeid av Knut Robberstad, Peter Ørebech, Nils Kolle og Kirsti Strøm Bull har, saman med dette skriftstykket, slått uomtvisteleg fast at fiskerettar i saltvatn har vore ein del av norsk rett. Vidare vart slike rettar nytta av Noreg som ein del av argumentasjonen mot Storbritannia i Fiskerigrensesaka i 1949-51, og den internasjonale domstolen i Haag bygde si avgjerd i 1951 på deira historiske eksistens. Høgsterett kom i Kåfjorddommen av 1985 til at slike rettar i dette særlege høvet framleis hadde rettsvern. I dag er det likevel fyrst og fremst ILO-konvensjonen nr. 169 som gjer at fiskerettar i saltvatn kan få ny aktualitet, og det er ikkje minst etter press frå Sametinget at det no er sett ned ein kommisjon for å undersøka fiskerettar i saltvatn i Finnmark. Tida vil visa om ei utvida godkjenning av rettar til fiske i saltvatn for samar òg vil føra til at nordmenn på ny til gjera slike rettar gjeldande i større grad.

Kjelde- og litteraturliste

Kjelder
Offentlege dokument

- NOU 1985: 42 Revisjon av almenningslovgivningen
- NOU 1986: 6 Erstatning til fiskerne for ulemper ved petroleumsvirksomhet
- NOU 1988: 16 Eigedomsgrenser og administrative inndelingsgrenser
- NOU 1993: 54 Rett til og forvaltning av land og vann i Finnmark
- NOU 2005: 10 Lov om forvaltning av viltlevende marine ressurser
- Ot.inst. nr. 25 (1862–63) Indstilling fra Næringskommitteen Nr. 1 til Lov om Landslod
- Ot.prp. nr 32 (1929) Lov om landslott
- St.meld. nr. 19 (2004–2005) Marin næringsutvikling - Den blå åker
- St.forh. (1857), Propotioner og Meddelelser, 4. del nr. 2

Arkivalia

- Riksarkivet (RA): Danske Kanselli, Norske innlegg ad 23. april 1728: Suplikk av 30.08.1726, og Høyringsutsegn frå Statthaldar Ditlev Wibe av 10.04.1728
- Riksarkivet (RA): Arkivet for Indredepartementet, D, Torskefiskerierne Lofoten, Lofoten 1850–1874, 10, Legg D 1850–55: Lofotlovgivningen, Diverse eldre dok. 1854 og 55, Brev av 29.06.1851
- Riksarkivet (RA): Arkivet for Indredepartementet, D, Torskefiskerierne Lofoten, Lofoten 1850–1874, 10, Legg D 1850–55: Lofotlovgivningen, Diverse eldre dok. 1854 og 55, Bilag 14
- Riksarkivet (RA): Arkivet for Indredepartementet, Fiskerikommisjonen av 1891, Diverse, XVI–1a-1d, Legg: Kommisjonen av 1891, Diverse, brev av 27.01.1852
- Riksarkivet (RA): Arkivet for Utanriksdepartementet, nr. 1648: Statsterritorium, ingenmannsland, fritt hav. Sjøterritorium I. Generelle spørsmål: Noreg. Fiskerikomiteen av 1949 og fisker-

itvisten i Haag, bind IV–IV, Brev av 13.09.1951 frå Utanriksdepartementet til det norske konsulatet i Rotterdam.

- Riksarkivet (RA): Arkivet for utanriksdepartementet, Arkivet for Utanriksdepartementet, Knut Robberstad, »Historisk oversyn» 1950
- Riksarkivet (RA): Arkivet for Utanriksdepartementet, Knut Robberstad, »Apreçu historique» 1951
- Statsarkivet i Stavanger (SAS): Arkivet for sorenskrivaren for Karmsund og Hesby, Rettsprotokoll BA 45
- Statsarkivet i Tromsø (SATø): Arkivet for Finnmark amt, L nr. 659; Korrespondanse arkivert etter dokumentnummer 1778–1800, brev nr. 304 med «Pro Memoria».

Dokumentsamlingar

- Aslak Bolts jordebok (1997)
- Diplomatarium Norvegicum I (1847), VIII (1874), XII (1886)
- Fisheries Case, 1. bind (1952a), 2. bind (1952b), 3. bind (1952c), 5. bind (1952d)
- Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele 1895: Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele, forfattede i Norge i det 16de Aarhundrede (1895)
- Norske Herredags-Dombøger 1929: Norske Herredags-Dombøger, 3. rekke 1. avdeling, I. bind: Afsigtsbog for 1625 (1929)
- Norske Herredags-Dombøger 1966: Norske Herredags-Dombøger, Tillegg til 1–4. rekke, I. bind: Tekster (1966)
- Samling af Danske Kongers Haandfæstninger og andre lignende Acter 1974: Samling af Danske Kongers Haandfæstninger og andre lignende Acter (1974
- Samling af gamle norske Love (1752)
- Samlede Skifter af Peder Claussøn Friis – Udgivne for den norske historiske Forening (1881)

Dommar

- *Fisheries case 1952:* ICJ, Fisheries case (United Kingdom v. Norway), judgement of December 18th 1951, Haag 1952
- Rt. 1985 s. 247
- Salten heradsrett, Sak nr. 93-00233 A, av 04.02.1994

Litteratur

- Ancher 1811: Peder Kofod Ancher, Peder Kofod Anchers samlede juridiske skrifter - Bind 3: Undersøgelser og Afhandlinger af historisk-juridisk Indhold (1811)
- Arntzen 1952: Sven Arntzen, »Fiskerigrensesaken mot England», publisert i Tidsskrift for Rettsvitenskap, 1952
- Austenå 1983: Torgeir Austenå, »Eigedomsrett til og disposisjonsrett over land og vatn i strandsona», publisert i Lov og Rett, 1983
- Berntsen 1971: Arent Berntsen, Danmarckis oc Norgis fructbar Herlighed (1971)
- Bjelke 1952: Jens Bjelke, Termini juridici (1952)
- Bourquin 1953: Maurice Bourquin, »Den internasjonale rekkevidde av dommen i den britisk-norske fiskerigrensetvist», publisert i Jussens Venner, 1953
- Brandt 1867: Fredrik Brandt, Tingsretten (1867)
- Bull 2005: Kirsti Strøm Bull, »Fisket i saltvann – betraktninger rundt rettighetsspørsmål», publisert i Kart og Plan, nr. 98 2005
- Dons 1780: Jens Bing Dons, Academiske Forrelæsninger over den Danske og Norske Lov, 2. del (1780)
- Einarsbøl 2004: Elisabeth Einarsbøl, Noen juridiske betraktninger vedrørende samiske rettigheter i saltvann – Eiendomsrettens utstrekning i saltvannsområder etter norsk rett og folkeretten (2004 – upublisert utgreiing, skriven ved Kompetansesenteret for urfolks rettigheter)
- Grotius 1916: Hugo Grotius, The Freedom of the Seas or The Right which Belongs to the Dutch to Take Part in the East Indian Trade (1916)
- Hausmaninger, Selb 1997: Herbert Hausmaninger og Walter Selb, Römisches Privatrecht (1997)
- Heber 1938: Gustav Heber, Norske rettsreglers historie I: Forhistoriske rettsregler (1938)
- Holberg 1715: Ludvig Holberg, Moralske Kierne, eller Introduction til Naturens og Folke-Rettens Kundskab (1715)

- Hovda 1948: Per Hovda, »Stadnamn og sjöfiske», publisert i Namn och Bygd, 1948
- Klæstad 1922: Helge Klæstad, Landslot (1922)
- Kolle 1998: Nils Kolle, »Fritt hav? Om retten til sjøfiske», publisert i Til debatt – Innlegg ved Norske historikerdager 1996 (1998)
- Kongslew 1782: Lauritz Laurberg Kongslew, Den danske og norske private Rets første Grunde, 2. bind (1782)
- Lindquist 1994: Ole Lindquist, Whales, dolphins and porpoises in the economy and culture of peasant fishermen in Norway, Orkney, Shetland, Faeroe Islands and Iceland, ca. 900-1900 AD, and Norse Greenland, ca. 1000-1500 AD, volum 1 bind 1 (1994)
- Meyer 1951: Christopher Meyer, Norway's Usage and Prescription in the Matter of Coastal Fisheries (1951)
- Molberg 1781: Christian Gran Molberg, Afhandling om Saltvands-Fiskerierne i Norge (1781)
- Motzfeldt (upublisert): U.A. Motzfeldt, Anmærkninger til Den Umiddelbare Tingsret I
- Nærstad 1939: Henry Nærstad, Eiendomsrett til vannområder (1939)
- Olafsen 1924: O. Olafsen, »De »ytre» almenninger», publisert i Historisk Tidsskrift, 1924
- Olafsen 1940: Arnet Olafsen, Våre sorenskrivere: Sorenskriverinstitusjonen og sorenskrivere i Norge – Et bidrag til den norske dommerstands historie, bind I: 1591–1814 (1940)
- Pufendorf 1742: Samuel Pufendorf, Et Menniskes og en Borgers Pligter efter Naturens Lov (1742)
- Rabben 1982: Bjarne Rabben, Folket ved havet – Fiskarsoge for Sunnmøre og Romsdal (1982)
- Robberstad 1930: Knut Robberstad, Lov um landslut frå 14. mars 1930 (1930)
- Robberstad 1952: Knut Robberstad, Samfund og lov i Vest-Noreg i gamal tid (1952)
- Robberstad 1978: »Tingsrettssoga», publisert i Jus og jord - Heidersskrift til professor dr. juris Olav Lid på 70-årsdagen (1978)
- Rynning 1934: Lorents Rynning, Bidrag til norsk almenningsrett, 1. bind (1934)
- Ræstad 1912: Arnold Ræstad, Kongens Strømme – Historiske og folkeretslige undersøkelser angaaende sjøterritoriet (1912)
- Ræstad 1928: Arnold Ræstad, »Lappeskatten og lappenes rettigheter i Norge før 1751», publisert i Festskrift til rektor J. Qvigstad (1928)
- Sandnes 1999: Jørn Sandnes, »Lex non scripta – Den norske heimeretten», publisert i Historisk Tidsskrift, 1999
- Scheel 1912: Herman Scheel, Forelæsninger over norsk Tingsret (1912)
- Slyngstad 1951: Arnfred Slyngstad, Skjergardsnamn frå Sunnmøre (1951)
- Solhaug 1976: Trygve Solhaug, De norske fiskeriers historie 1815-1880 (1976)
- Stampe 1797: Henrik Stampe, Erklæringer, Breve og Forestillinger, General-Prokureur-Embedet vedkommende, 5. bind (1797)
- Strøm 1997: Hans Strøm, Annotations Boog over de Merkværdigheder som udi Syndmørs Fogderie forefindes indrette[t] Anno 1756 (1997)
- Strøm 2001: Hans Strøm, Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmøre, 2. bind (2001)
- Sunde 2004: Jørn Øyrehagen Sunde, »På sporet av det tapte overbygslingsinstituttet», publisert i Historisk Tidsskrift, 2004
- Supphellen 1983: Steinar Supphellen, Statthaldarinstitusjonen i Noreg 1722-1739 (1983)
- Taranger 1892: Absalon Taranger, Fremstilling af de Haalogalandske almenningers retslige stilling (1892)
- Ørebech 1986: Peter Ørebech, Reguleringer i fisket (1986)
- Ørebech 1998: Peter Ørebech, »Sedvanerett som grunnlag for bærekraftig forvaltning av fiske i de »ytre allmenningene»», publisert i Fjordressurser og reguleringspolitikk (1998)

---

[*] Ein versjon av artikkelen er tidlegare publisert i Tidsskrift for Rettsvitenskap, nr. 2-3 2006, s. 341-412.

[1] NOU 1985: 42, 1986: 6, 1988: 16, 1993: 54,

og 2005: 10.
[2] NOU 2005:10 s. 100.
[3] Sandnes (1999).
[4] RA: »Historisk oversyn» (1950) s. 16. Eg er svært takksam for at Peter Ørebech har gjeve meg ein kopi av Robbrestad sitt arbeid, som eg ikkje sjølv har funne i arkivet til Utanriksdepartementet. Ørebech har ikkje sjølv registrert kvar i dette arkivet notatet til Robberstad er arkivert, og av den grunn er min eigen referanse mangelfull.
[5] Ei bygd vart utetter på 1900-talet eit område på landsbygda med felles postnummer, og påfallande ofte vart bygdenamnet avgjort med utgangspunkt i staden der postbåten la til, som òg vart postadressa. Ei bygd på 1800-talet var langt mindre, og som ein generell regel kan ein seia at det går 4 eller fleire 1800-talets bygder på 1 1900-talets bygd.
[6] Lov angaaende torskefiskeriet i Nordlands Amt og Senjens og Tromsø Fogderi, av 23.05.1857.
[7] Sjå vidare Arntzen (1952), og Bourquin (1953).
[8] Undersøkinga til Robberstad vart omarbeidd og nytta i »Fisheries Case» (1952a) s. 244-250, og (1952c) s. 35-58.
[9] Brandt (1867) s. 446.
[10] U. A. Motzfeldt skreiv eit manuskript over den norske tingsretten, Anmærkninger til Den Umiddelbare Tingsret I, på fyrste halvdel av 1800-talet, men dette arbeidet vart aldri trykt trass i at det sirkulerte mellom juristar. Her slo han kort og godt fast prinsippet om fritt fiske utan vidare i 4. kapitel § 2, på same viset som det var gjort før han av juristar som arbeidde i den naturrettslege tradisjonen. Sjå vidare Dons (1780) s. 57-60 og Kongslew (1782) s. 52-57. Konf. elles Sunde (2004) s. 193-201 som handsamar rettsvitskapen sitt problem frå 1700-talet med å plassere rettar som hadde vakse fram gjennom praksis frå mellomalderen.
[11] Scheel (1912) s. 492.
[12] Ræstad (1912) s. 159-160.
[13] Nærstad (1939) s. 201.
[14] Det kan leggjast til at høgsterettsadvokat Heber (1938) s. 24-25 omtalar fiskerettar i saltvatn. Men Heber åleine synsar om tilhøva i førhistorisk tid mellom anna på grunnlag av idear om raseeigenskapar.
[15] Jens Evensen, som var oppnemnt som sakkunnig i saka, reiste frå Oslo til Rotterdam med ikkje mindre enn 20 kassar med grunnlagsmateriale i samband med sakføringa for den internasjonale domstolen i Haag; RA: Brev av 13.09.1951 frå Utanriksdepartementet til det norske konsulatet i Rotterdam.
[16] Robberstad (1978) s. 185-187, men sjå òg (1952) s. 14-15. Austenå byggjer på desse arbeida når han skriv om tema i (1983) s. 3-4.
[17] NOU 1986: 6 s. 43-46, NOU 1988: 16 s. 55-56, og NOU 1993: 54 s. 120-122.
[18] Ørebech (1998) s. 118-119.
[19] Salten heradsrett, Sak nr. 93-00233 A, av 04.02.1994.
[20] Ørebech (1998) s. 121-124 som ei erkjenning av det politiske aspektet ved hans forsking på fiskerettar i saltvatn.
[21] Sjå til dømes Ørebech (1998) s. 149 der han viser til NOU 1985:32 s. 15, og s. 151 der han viser til Rynning (1934) s. 180 (skal vera 179-180).
[22] Kolle (1998).
[23] Bull (2005) s. 16.
[24] Sjå vidare Einarsbøl (2004), Stortingsmelding nr. 19 2004-2005 s. 128-130, og vidare NOU 2005:10 s. 43-51.
[25] »Fisheries Case» (1952b) s. 319, jf. s. 321og 605.
[26] Fisheries Case, judgement of 18 XII 51, s. 127.
[27] Fisheries Case, judgement of 18 XII 51 s. 142.
[28] Eg gjer merksam på at eg i dette skriftstykket nyttar den empirien som har vorte framskaffa av Robberstad, Ørebech, Kolle og Strøm Bull når det gjeld fiskerettar i saltvatn, utan at det vert vist til dei ved andre høve enn når eg nyttar deira resonnement. Eg vil likevel presisera at brorparten av empirien, og ikkje minst den som pregar sentrale drøftingar, er framskaffa av meg sjølv.
[29] Kvalrek var stadar kval jamnleg rek på land, medan selleie var stadar der sel låg i større mengder.
[30] I dag er det laksefiske med fast reiskap som åleine tilkjem grunneigaren etter Lov om laksefiske og innlandsfiske m.v., av 15.05.1992 nr. 47, § 16. I det rettshistoriske materialet finst det ikkje grunnlag for å seia sikkert at dei omtalte laksefiskerettane åleine omfattar fiske med fast reiskap. I dette skriftstykket vert difor ikkje laksefiskerettar nærare definert.

[31] Sjå til dømes Klæstad 1922) s. 5-19, og Nærstad (1939) s. 47-53.
[32] »Magnus Lagabøters Landslov» (1979) s. 143.
[33] Sjå òg Robberstad (1930) s. 8.
[34] Robberstad (1930) s. 7-8. Men sjå Nærstad (1939) s. 38 note 1 for ein sunn skepsis til denne slutninga.
[35] Robberstad (1990) s. 172.
[36] Robberstad (1930) s. 9.
[37] Det kan sjølvsagt hevdast at ein kanslar kunne få dei ulike tenestemennene i det norske riket til å stadfesta eksistensen av kva rettar som helst. I så fall overser ein heilt at lagmannen i Frostating, lensherren over Trondheim len, samt futen i Fosen ikkje ser ut til å ha justert si meining etter kva som var i kanslar Jens Bjelke sine interesser.
[38] »Norske Herredags-Dombøger», Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 242-243 og 250.
[39] Sjå til dømes Den eldre Gulatingslova IV-7, X-37 og XI-4, og vidare Sunde (2005) s. 47.
[40] Hausmaninger, Selb (1997) s. 180. Sjå vidare gjennomgangen til Ræstad (1912) s. 3-20, jf. Nærstad (1938) s. 11-18.
[41] Sjå Nærstad (1938) s. 54. Men sjå vidare Molberg (1781) s. 377.
[42] DN VIII (1874) nr. 47 (21.02.1314).
[43] »Aslak Bolts jordebok» (1997) s. 133B (Apalset) og 134B (Indre Vartdal).
[44] Reskript angaaende at Hummer-Fiskeriet er Enhver tilladt, av 23.04.1728.
[45] »Norske Herredags-Dombøger», Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 241.
[46] Klæstad (1922) s. 16 med vidare tilvisningar.
[47] Slik kan ein forstå Klæstad (1922) s. 9, og Robberstad (1930) s. 9.
[48] »Norske Herredags-Dombøger», 3. rekke 1. avdeling, I: Afsigtsbog for 1625 (1929) s. 13, og Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 239 og 240.
[49] Norske Herredags-Dombøger», 3. rekke 1. avdeling, I: Afsigtsbog for 1625 (1929) s. 13, og Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 243 og 249.
[50] Privilegiebrev av 16.04.1626, , jf. Ope brev av 27.01.1628.
[51] Klæstad (1922) s. 18 med vidare referanse.
[52] »Norske Herredags-Dombøger», 3. rekke 1. avdeling, I: Afsigtsbog for 1625 (1929) s. 14, og Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 240.
[53] »Norske Herredags-Dombøger», Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 240.
[54] »Norske Herredags-Dombøger», Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 248.
[55] »Norske Herredags-Dombøger», Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 244, 247 og 250.
[56] Robberstad (1930) s. 8-9.
[57] »Samling af danske Kongers Haandfæstninger og andre lignende Acter» (1974) handfesting av 30.10.1536 § 11, s. 85. Denne regelen vart seinare tatt inn i Koldingske recess, av 13.12.1558, artikkel 31.
[58] Om Sildetiend og Landslod i Throndhjems Len, av 02.03.1636, artikkel 13-15. Men denne lova, og desse artiklane er i utgangspunktet ein kopi av Aabne Brev om Fisketiend og Landslod i Bergenhuus Len, av 24.02.1636.
[59] Ein kan merka seg at det kom protestar i Trøndelag mot lova om landslodd frå 1636, jf. Ope brev av 29.08.1636. Det er dermed ikkje heilt sikkert at det vert vist til gamal bruk og sedvane i Trøndelag. På den andre sida er det grunn til å tru at protestane meir var retta mot den standard for storleiken på landslodd som lova indirekte sette, og som truleg samsvarde langt betre med rettstilstanden i Bergenhus enn i Trondheim len.
[60] Bjelke (1952) s. 128. Sjå vidare Berntsen (1971) s. 109 og 143.
[61] »Norske Herredags-Dombøger», Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 248.
[62] »Norske Herredags-Dombøger», 3. rekke 1. avdeling, I: Afsigtsbog for 1625 (1929) s. 13.
[63] »Norske Herredags-Dombøger», s. 14.
[64] Norske Herredags-Dombøger Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 241.
[65] Robberstad (1930) s. 9, RA: »Historisk oversyn» (1950) s. 6, og Robberstad (1978) s. 186.
[66] DN I (1847) nr. 127 (12.03.1311).
[67] »Samling af gamle norske Love» (1752) s. 411-412.
[68] »Norske Herredags-Dombøger», Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 242.
[69] »Aslak Bolts jordebok» (1997) til dømes s. 119B (Lihjell), 122B (Heggeime), 157B (Liland) og 161B (Val).
[70] »Aslak Bolts jordebok» (1997) til dømes s. 110B (Bøverfjorden og Skjelberg), 107B (Vinje), 109B (Gloma) og 100B (Jevik).
[71] Aabne Brev om Fisketiend og Landslod i Bergenhuus Len, av 24.02.1636, og Om Sildetiend og Landslod i Throndhjems Len, av

02.03.1636, artikkel 13-15.
[72] Robberstad (1930) s. 10. Sjå vidare tabell i Odeltingsproposisjon nr. 32 (1929): Lov om landslott, s. 16.
[73] Digesta 1-8-2 og 4, 43-8-3 og 47-10-13.
[74] Digesta 43-8-3 og 12-1, jf. Grotius (1916) s. 31-32.
[75] Helleland (1891) s. 78-79.
[76] »Norske Herredags-Dombøger», Tillegg til 1-4. rekke, I: Tekster (1966) s. 241.
[77] RA: »Apreçu historique» (1951) s. 10-11.
[78] DN XII (1886) nr. 116 (19.09.1386).
[79] »Aslak Bolts jordebok» (1997) s. 62B (Kleivan), 106B (Rokstad), 118B (Folland og Eikkilsøya), 149B (Øysund), 160B (Jerstad), og 163B (Stave).
[80] »Aslak Bolts jordebok» (1997) s. 165B (Rødstad), jf. s. 106B (Rokstad), 149B (Øysund) og 163B (Stave). Dersom fiskerettar i saltvatn er like underrepresentert i jordeboka som andre tilleggsressursar, som til dømes neverskog og kvernhus, så må det faktiske talet på slike rettar på jordegods som tilhøyrde erkebispesetet ha vore svært stort.
[81] »Fisheries Case» (1952d) kart nr. 7 blad X. Ein skal vera merksam på at slike namn òg kan spegla kven som fyrst nytta eit område til fiske, som »Henningsvær» i Lofoten, eller kven som gjerne nytta området, som »Hollendergrunna» utanfor Finnmarkskysten, utan at namnet dermed direkte peikar tilbake på eksklusive fiskerettar. Men som peika på ovanfor kan slike fiskeplassnamn gjera det.
[82] RA: »Historisk oversyn» (1950) s. 18-19.
[83] »Aslak Bolts jordebok» (1997) s. 161B.
[84] »Historisk-topografiske Skrifter» (1895) s. 186.
[85] Sjå vidare Sunde (2004) s. 187-193.
[86] »Samlede Skifter af Peder Claussøn Friis» (1881) s. 97-98.

[87] Men sjå her Meyer (1951) s. 33-39.
[88] Rabben (1982) s. 27.
[89] Sjå Hovda (1948) s. 57.
[90] Ei slik påpeiking vart gjort i Salten heradsrett 04.02.1994 sak nr. 93-00233 A s. 15-16, med tilvising til Taranger (1892) s. 4-6.
[91] Frostatingslova XVI-2, og Magnus Lagabøtars Landslov VII-61
[92] Sjå Ørebech (1998). Sjå vidare Lindquist (1994) s. 54 og 58.
[93] Sjå drøftinga i NOU 1988: 16, s. 55.
[94] Eg sluttar meg altså til Olafsen (1924).
[95] Reskript angaaende hvad Landslod, der af Nodfiskere skal svares til Lods-Eierne, i Sundhordlehn Fogderie, av 27.03.1795, og Reskript angaaende hvad Landslod, der af Nodfiskere skal svares til Lods-Eierne, i Nordhordlehn Fogderie, av 18.12.1795.
[96] Reskript angaaende hva der af Nodfiskere skal svares, i Landslod til Jordbesiddere, og i Mandslod til Fiskens Angivere, i Bergens Stift, av 21.12.1798. Vidare fekk ein alt 21.12.1792 Forordning angaaende Silde- og Torskefiskeriet i Fosens Fogderie som i I-3 hadde reglar om landslodd for sildefiskeriet.
[97] Reskript angaaende at Hummer-Fiskeriet er Enhver tilladt, av 23.04.1728.
[98] Holberg (1715) s. 154. Men Holberg sin tanke er nok statleg overherredøme over havet slik at den dansknorske kongen til dømes kunne halda fram med å krevja inn toll ved Øresund.
[99] Forordning angaaende Silde- og Torskefiskeriet i Fosens Fogderie, av 21.12.1792 I-1.
[100] Ei nautisk mil vart referert til som ei kvartmil på 1700-talet, altså det same som »fierdings Mil», og tilsvarde 1852 meter.
[101] Det vart fiska hummar opp til eit steinkast frå holmane og skjera; SAS: Rettsprotokoll for Karmsund og Hesby fs. 19b.
[102] SAS: Rettsprotokoll for Karmsund og Hesby fs.20b-22a.
[103] Grotius (1916) til dømes s. 29 og 36.
[104] Pufendorf (1742) s. 263-264.
[105] Holberg (1715) s. 155-156.
[106] Olafsen (1940) s. 148.
[107] Kolle (1998) s. 345.
[108] SAS: Rettsprotokoll for Karmsund og Hesby fs. 20b.
